

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
1	Ullensvang Arbeiderparti	Anna tema:	Mange vekst- og arbeidsinkluderingsbedrifter har mistet AFT-plasser de senere årene, og noen har mistet tiltaket i sin helhet. Dette betyr at lokale fagmiljøer forvirrer, kompetansen forsvinner fra både vekst- og arbeidsinkluderingsbedriften og fra kommunen der bedriften befinner seg. Dette er uheldig for kompetanseutviklingen på arbeidsinkluderingsfeltet lokalt, og i særskilt grad for arbeidssøkerne som blir stående uten et tilbud eller havner på venteliste i i nittil et år. Sysselsettingen i Norge er høy, og vi går inn i en tid med mangel på arbeidskraft. De som står nært arbeidslivet, vil bare trenge en liten dytt for å lykkes med sin arbeidsinkludering. Det er en langt større utfordring med ungdom som står langt fra jobb og utdanning, langtidsledige og mottakere av arbeidsavklaringspenger (AAP). De står ved et kritisk veiskille mellom arbeid og uførretrygd. Arbeidsforberedende trening (AFT) er det beste virkemiddelet av dagens arbeidsmarkedstiltak. AFT passer veldig bra for ungdom, og er resultatmessig blant de mest vellykkede tiltakene vi har i dag.	Styrk Arbeidsforberedende trening (AFT) NAV må pålegges å reetablere AFT- plasser (Arbeidsforberedende trening) som er tatt bort fra forhåndsgodkjente tiltaksleverandører i distriktene, og NAV-kontorene må pålegges å benytte plassene i disse bedriftene fullt ut.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
2	Ullensvang Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	På nettsiden til asv.no kunne en 22.januar 2024 lese at arbeidsledigheten blant gruppen unge med utviklingshemming er skyhøg - hele 80 prosent mellom 18 og 25 år er uten arbeid. Det er derfor et stort behov for konkrete tiltak og ikke symbolpolitikk. Et tiltak er å øke antallet tilrettelagte jobber med minst 1000 plasser pr år. For hver slik plass som ikke opprettes, taper Norge kr 60.000,- . ASVL's medlemsbedrifter produserer varer og tjenester for mer enn to milliarder årlig. Et annet tiltak er å gjøre tilrettelagt fagopplæring (yrkesfag) for elever med særskilte utfordringer til en nasjonal ordning. I dag er det geografien, hvor du bor, som avgjør om du får mulighet til å lære yrkesfag eller ikke. Dette er i strid med opplæringsloven og en diskriminering av en gruppe elever.	ARBEID TIL ALLE ER JOBB NUMMER EN! Arbeiderpartiet ønsker å redusere arbeidsledigheten, også blant unge med utviklingshemming. Derfor må vi øke antallet varige tilrettelagte jobber (VTA) med minst 1000 nye jobber i året. Videre må vi gjøre tilrettelagt fagopplæring til en nasjonal ordning.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
3	Ullensvang Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	Totalt har 3.000 mennesker tilrettelagt jobb i en ordinær bedrift – det som kalles VTO. Det betyr at arbeidstakeren får jobb for eksempel på den lokale dagligvarebutikken, med oppfølging fra NAV. Dessverre er denne oppfølgingen mangelfull eller ikke-eksisterende. Oppfølgingen bør derfor anses som en del av tilbuddet innen Varig tilrettelagt arbeid. Det bør reguleres av Forskrift om arbeidsmarkedstiltak – kapittel 14, ikke kapittel 4. Anskaffelse av oppfølging for personer i VTO bør ikke skje gjennom Lov om offentlige anskaffelser, da anbud kan ha en rekke negative virkninger. Tiltaket vil ikke være underlagt krav om anbud ut fra konklusjon i prenotifisering fra ESA. Tiltaket bør tildeles forhåndsgodkjente aktører, som vil også muliggjøre en veksling mellom tiltakene, noe praksis viser at det er behov for. "Helt Med" kan forhåndsgodkjennes som tiltaksarrangør av Varig tilrettelagt arbeid, og dermed komme inn under kap 14. Satsene bør ikke kunne differensieres. Det bør være en fast tilskuddssats for oppfølging, slik at kvaliteten på tjenesten som tilbys, blir likest mulig. Dersom NAV selv gjennomfører oppfølgingen, vil det innebære at NAV blir både bestiller, utfører og forvalter av tilbuddet.	Oppfølging av VTO (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift) bør skje gjennom tiltaksarrangør/vekstbedrift. Anskaffelse av oppfølging av personer i VTO bør ikke anbudsutsettes, men tildeles forhåndsgodkjente aktører. NAV bør ikke selv gjennomføre oppfølgingen. Det bør være en fast tilskuddssats for oppfølging	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
4	Sunnfjord Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Å vere forelder er krevjande. Dagane handlar om å rekke følgje opp barn og arbeid, og å kombinere dette. Dess fleire born, dess i praksis færre timer i døgnet. Samtidig blir ting dyrare og dyrare og det blir vanskelegare å jobbe redusert i det som også er etablerfasen. Økonomi kan vere òg årsak til at fleire barn ikkje er aktuelt. For mange handlar det gjerne også om at det blir for krevjande med fleire barn; ein ser at der ikkje er tid til å følgje opp verken dei eller jobb. Etter ferielova har arbeidstakarar som fyller 60 år rett til ekstraferie, med dette følger det også feriepengar. Enkelte arbeidsgjevarar har i tillegg innført særskilte seniortiltak der ein for eksempel etter fylte 60 år kan arbeide 80 prosent med 100 prosent løn. For eksempel får tilsette i staten ekstra fridagar etter fylte 62 år. Arbeidsgjevar pliktar på grunn av alder å ta omsyn korleis arbeidet skal organiseraast og tilretteleggast. Enkelte verksemder er fleksible når det gjeld arbeidstid og -stad, som til dømes bruk av heimekontor. Det er eit paradox at det kun er seniorar i arbeidslivet som er tilgodesett med livsfasepolitikk. Dette når fødselstala går ned, men samfunnet treng at du får fleire barn. Vi må finne måtar å gjøre det mogeleg og meir attraktivt å få fleire barn.	Livsfasepolitikk Det må på utgreiast og komme på plass ein betre livsfasepolitikk som kjem foreldre til gode, som gjer det mogeleg og motiverer til å få fleire barn i kombinasjon med deltaking i arbeidslivet.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
5	Sunnfjord Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	I dag blir Dagpengar og AAP utbetalat kvar 14. dag etter innsendt meldekort. Ein sjukmeldt kan få oppdelt sjukepengar i fleire utbetalingar per månad. Dagpengar og AAP betyr ein reduksjon av inntekt. Sjukepengar kan vere det same. Fleire stønadsmottakarar får det ekstra krevjande når utbetalingane kjem på ein slik måte at ein ikkje klarer større utgifter som bustadlån til faste datoar i månaden. Eller i tilfeller ved mottakar av sjukepengar ikkje veit kortid neste utbetaling kjem. Behandlingstida på fastsettjing av ytingar er lang og har ikkje særskilte fristar i dag. NAV ber i mange tilfelle arbeidsgjevarar om inntektsopplysningsar, men har også verktøy for å finne inntekt sjølv. Når ein har kome i ein situasjon der ein treng ytingar frå NAV er dette fordi ein har mista jobben eller har problem med helsa. Arbeids -og inntektsevna er redusert. Å få økonomiske bekymringar på toppen av dette fører ofte direkte til dårlagare helse, til uhelse. Det blir som følger vanskelegare å komme seg ut av situasjonen ein står i og ein får fleire utfordringar enn ein i utgangspunktet hadde. Mange må soke om supplerande økonomisk sosialhjelp som i seg sjølv er krevjande. Dette gir i tillegg eit press på den kommunale sosialtenesta; fleire utbetalingar som ein i mange tilfelle kunne unngått, ressursar til handsaming av søknadar eller økonomiske rådgjeving.	Utbetalningstider av ytingar i NAV NAV må få på plass ei ordning for utbetalingar av ytingar som sjukepengar, AAP (arbeidsavklaringspengar) og dagpengar, som gir økonomisk føreseilegheit til mottakarar av stønadane. Det må bli mogeleg å få utbetaling èin gong i månaden og til faste datoar. Behandlingstida på fastsettjing av yting ned til maksimalt ein månad.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
6	Askøy Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	I dag omfavnes ikke arbeid på norsk sokkel på flerbrukskip verken av sjømannsloven eller arbeidsmiljøloven. Kravet om norsk lønn gjelder heller ikke på disse skipene. Grunnen er at Flerbrukskip er en tredjepart og har ingen vaktfunksjon. Utenlandske arbeidere på flerbrukskip betaler ikke skatt til verken Norge eller eget land. Det er også store forskjeller i lønnsnivå på en utenlandsarbeider og en norsk. Som et eksempel får en filippinsk arbeider en lønn på 13000 kroner i måneden, mens tilsvarende lønn for en norsk arbeider er 35000 kroner.  Det bør være et målsetting for Arbeiderpartiet at de som jobber i på skip som opererer i norsk farvann, også skatter til Norge.	•Ansatte på flerbrukskip som går på norsk sokkel, skal gå på norsk tariff •Det må vurderes hvordan man kan eventuelt innrette regelverket slik at alle ansatte som jobber innenfor norsk farvann skatter til Norge.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
7	Askøy Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	I 2023 ble reglene for å leie inn arbeidstaker fra bemanningsforetak strammet inn. Dette var et viktig grep som bidrar til et ryddigere arbeidsliv. Det har imidlertid blitt pekt på at en utilsiktet effekt ved dette har vært at personer med redusert arbeidsevne mister muligheten til å få tilgang til tidsbegrensete vikariat/arbeid.  Ved utgangen av september 2023 mottok om lag 366 000 personer uføretrygd. Mange av disse har ønske om og mulighet til å jobbe noe i perioder. Det er viktig å legge aktivt til rette for dette.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle nye tilknytningsmåter som vil gi syke, uføre, ungdom og eldre utenfor arbeidslivet en tryggere og mer fleksibel mulighet til å komme inn i arbeidslivet.</li> <li>• Sikre bedrifter/arbeidsgivere og arbeidssökende tilgang til en mer effektiv og tilgjengelig arbeidsformidling.</li> </ul>	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
8	Askøy Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	I Norge er det 11,2 prosent av befolkningen som lever under eller på Europa sin fattigdomsgrense.  Medianinntekten i Norge er pr 2023 på kr 53150 kr pr mnd, Fattigdomsgrensen i Norge ligger på 31890,- kr i mnd. (60% av medianinntekten) Dette betyr at ytelsene for uføretrygd ligger langt under fattigdomsgrensen.  Det skal alltid lønne seg å jobbe, men faktum er at man blir ufør av en grunn og mange har ikke mulighet til å jobbe ved siden av uføretrygden. Når man bruker kun de siste årene av arbeidslivet til å beregne uføretrygd, så vil dette føre til at de fleste får en mye mindre uføretrygd enn hva de i utgangspunktet skal ha. De fleste står i jobb så lenge de orker, de siste årene gjerne i redusert stilling. Dermed blir beregningsgrunnlaget for uføretrygden urimelig lavt.  I dag er minstesats på uføretrygd 270 450 kr for gifte og samboere, mens den for single er 7120 kr høyere. Når man er gift som ufør så blir uføretrygden forkortet, vi ønsker at det skal være lik uføretrygd for single og gifte uføretrygdde.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgå reglene for beregning av uføretrygd, med mål om å få på plass en mer rettferdig ordning</li> <li>• Innføre lik uføretrygd for enslige og gifte</li> <li>• Øke minstesatsen for uførepensjon, slik at alle har en lønn å leve av.</li> </ul>	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
9	Arbeiderpartiet i Bergen	Eit samfunn med små forskjeller:	Forbedringer i utføretrygden  Dagens ordning for uføretrygd fungerer for dårlig. Trygden er ikke en tilstrekkelig økonomisk sikring mot fattigdom, og det er alt for vanskelig å kombinere arbeid og uføretrygd. Grensen på 66% av tidligere inntekt er for lav for personer med bakgrunn i lavtlønnsyrker.	Arbeiderpartiet vil:  <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innføre et nedre nivå på trygd, som sørger for at ingen som går på uføretrygd lever i fattigdom.</li> <li>- Øke taket for hvor mye man kan tjene før man får avkortning i uføretrygden.</li> </ul>	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
10	Arbeiderpartiet i Bergen	Riktig kompetanse og nok folk:		Arbeidslinja 2025 Skal vi sikre fremtidens velferd må vi ha en levedyktig arbeidslinje. Arbeiderpartiet vil: - Innføre innledende fradrag for arbeidsgiveravgift for ansettelsjer via NAV. - Forberede NAV for eventuelle nedgangstider ved å sette av øpremerkede midler til omskolering, få ned saksbehandlingstiden. - Øke bunnfradraget på uføretrygd og sette av mer til å få aktivisert de med restarbeidsevne. - Utrede sosialtjenesteloven og folketrygdloven, for modernisering og forenkling av ytelsjer. - Modernisere arbeidsmiljøloven kapittel 10 om arbeidstid, med digitale formkrav for oversikt over arbeidstiden og flere formkrav til avtaler om gjennomsnittsberegning av alminnelig arbeidstid og utvidet overtid.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
11	Arbeiderpartiet i Bergen		Siden innføringen av anbud i kollektivtrafikken vår har de ansattes rett til medvirkning vært under sterkt press. Konsekvensene av dette er mange og diverse. Sikkerhetsstandardene på bussene er noe bussjåfører har varslet om i årevis, men på grunn av manglende medvirkning har ikke noe skjedd med situasjonen før nå nylig når de endelig klarte å skrike høyt nok til at politikerne hørte det. Vi i arbeiderpartiet kan ikke godta situasjonen forblir slik at de ansattes stemme ikke høres når beslutninger tas.	Medvirkning i kollektivbransjen. Arbeiderpartiet skal være en garantist for at de ansatte i kollektivbransjen får reell medvirkning på sine arbeidsplasser, og skal jobbe for at de ansatte får sin tariff-festede rett til medbestemmelse, uansett hvilken form det tar"	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
12	Arbeiderpartiet i Bergen		Arbeidsmiljøloven § 14-6 har en rekke minstekrav til innhold i en arbeidsavtale. Det fremgår mellom annet i 1 ledd bokstav i) «den gjeldende eller avtalte lønn ved arbeidsforholds begynnelse, eventuelle tillegg og andre godt gjøinger som ikke inngår i lønnen, for eksempel pensjonsinntekter». Arbeiderpartiet i Bergen mener dette ikke er tilstrekkelig. Vi krever en presisering av teksten slik at den lovpålagte obligatoriske tjenestepensjon (OTP) som arbeidsgiver er pliktig å innbetale, fremgår klart og tydelig i arbeidskontrakten. Ved å presisere i arbeidskontrakten hvor mange prosents innbetaling arbeidsgiver har, vil det skape en bevissthet rundt dette blant arbeidstakere. Videre vil dette bidra til sikre at OTP ikke blir forringet uten arbeidstakers godkjenning. Vi mener at pensjon er utsatt lønn, og det er opplagte årsaker for at dette må konkretiseres i arbeidsavtalen. Det må også få konsekvenser for arbeidstakers rettigheter ved virksomhetsoverdragelse.	Arbeiderpartiet i Bergen krever at prosentsatsen arbeidsgiver setter av til obligatorisk tjenestepensjon blir en del av Arbeidsmiljølovens § 14-6 minimumskrav til innhold i en arbeidsavtale og rettigheter ved virksomhetsoverdragelse, jf. §16. "	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
13	Arbeiderpartiet i Bergen		Etter arbeidsmiljøloven §12-3(1) har far rett på to uker permisjon i forbindelse med fødsel for å bistå mor. Loven gir kun rett til ulønnet permisjon, og mange fedre som jobber i bedrifter uten tariffavtale tar ikke ut hele eller store deler av permisjonen de har krav på, av økonomiske årsaker. Dette går ikke bare utover far, som går glipp av en viktig mulighet til å knytte bånd med og bli kjent med sitt nyfødte barn. Mor og barn mistet også den støtten og trygge omsorgspersonen far er, i en veldig sårbar periode. Retten til omsorgspermisjon i forbindelse med fødsel er ikke utelukkende et gode for den enkelte arbeidstaker. Det er et velferdsgode for familien. Da er det ikke riktig at dette velferdsgodet kun skal være for familiær med god råd eller hvis far jobber i bedrift med tariffavtale og ordnede lønns- og arbeidsvilkår. Nyere forskning viser at så mange som en av tre kvinner har depressive symptomer etter fødsel, og altfor mange kvinner utvikler fødselsdepresjon i barseltiden. Å sikre fars rett til lønnet permisjon vil være et viktig bidrag for å ivareta mors fysiske og psykiske helse etter fødsel. Det vil også kunne forebygge helseproblemer hos mor som f.eks. krever sykemelding og/eller videre oppfølging av helsevesenet og vil dermed også være bra i et samfunnsøkonomisk perspektiv.	Lovfeste fars rett på to uker omsorgspermisjon med lønn i forbindelse med fødsel. Gradvis utvide fars rett til permisjon i forbindelse med fødsel fra to til fire uker..	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
14	Arbeiderpartiet i Bergen		Hvert år ser vi avisoppslag om vogntog og busser på tvers av det glatte føret vi har på de norske vinterveiene. Det er begrenset hvor mye vi kan gjøre med dette, men det vi kan gjøre som har størst potensiale for å redusere skadeomfang og antall berginger, er å passe på at sjåførene har god oppdatert kunnskap om kjøring på glatt føre. I dag er det kun et krav at man gjennomfører glattkjøringskurs 1 gang, i forbindelse med at man tar førerkortet. Det finnes en veletablert ordning for de som jobber på veien med tyngre kjøretøy, YSK, også kjent som yrkessjåførkompetanse. Dette er et kurs man må ta for å få jobbe på veien, og man må fornye det hvert femte år med et ukes kurs. En utvidelse av dette kurset til å inkludere praktisk oppfrisking av glattkjøring hadde sikret at alle får faglig påfyll i hvordan man håndterer glatt og utfordrende føre.	Glattkjøring for yrkessjåfører. Vi krever at det kommer ordninger som hever yrkessjåførenes kompetanse på vinterveiene. For eksempel en utvidelse av YSK, yrkessjåførkompetansekurs.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
15	Arbeiderpartiet i Bergen		Rutetidene er ryggraden i kollektivtilbuddet. Alt er bygget videre på de. Sjåførenes tariffavtale forutsetter realistiske rutetider. Kundene forventer realistiske rutetider. Det er rutetidene som busselskapene som Tide og Vy beregner priser på når de deltar i anbudene. Og det er kollektivelskapene som Skyss som ensidig dikterer rutetidene ovenfor alle. Det finnes i dag ingen instans som kan behandle uenigheter om rutetider. Skyss har siste ord, og når det viser seg at forsinkede ruter trenger flere tildelte minutter, så er det ikke alltid Skyss går inn for dette. Her må det være en mulighet til å klage.	Rutetider i kollektivbransjen. AiB krever at det jobbes for å opprette en partssammensatt klageinstans, hvor tillitsvalgte, operatører (tide, vy, etc.) og Skyss kan få behandlet uenigheter om rutetider.	Oversendes redaksjonskomiteen	Arbeidslivspolitikk
16	Sunnfjord Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	I dagens boligmarked er det utfordrande for mange, særleg førstegangskjøparar og låginntektsfamiliar, å kome inn på boligmarkedet grunna strenge kriterium i Husbanken. Ved å justere inntektsgrenser og lånebeløp vil vi kunne tilby fleire muligheita til å eige sin eigen heim. Dette vil bidra til å fremje sosial mobilitet og økonomisk tryggleik. Ei endring i Husbanken sine retningslinjer kan også stimulere til større aktivitet i boligmarkedet, noko som er positivt for både individ og samfunn. Det er viktig å sikre at fleire har tilgang til stabile og trygge bustadforhold, noko som er grunnleggjande for livskvaliteten. Ved å utvide tilgangen til Husbanklån, kan vi ta eit steg mot eit meir inkluderande og rettferdig boligmarked. For å sikre at Sunnfjord kommune kan møte denne auka etterspurnaden uten økonomisk tap kan kommunen ta inntil 0,25 prosentpoeng i ekstra rente på startlån for å dekke administrative kostnader ved utlån. Ei slik endring vil ikkje berre styrke den økonomiske tryggleiken for individet, men også stimulere boligmarkedet lokalt. Det er essensielt at kommunale budsjett er tilpassa for å kunne støtte opp om denne utvida lånetilgangen, og slik bidra til eit meir inkluderande og rettferdig boligmarked i Sunnfjord kommune.	Utvid tilgangen til Husbanklån for fleire Revidere kriteria og grensene for å kvalifisere til lån i Husbanken, for å gjøre det enklare for fleire å få tilgang til boligmarkedet. Dette inkluderer justering av inntektsgrenser, lånebeløp, bustadkrav og kommunens budsjett.	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
17	Sunnfjord Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	<p>Norges bank har uttalt at bustadmarknaden er ein hovudveg til økonomisk velferd, og peikar på at den kraftige bustadprisveksten bidrar til auka forskjellar i samfunnet. Med ein inflasjonsjustert bustadprisvekst i Noreg på 250% over dei siste 30 åra har det i moderne tid aldri vore vanskelegare å komme seg inn på bustadmarknaden. Dette har bidratt til at Noreg er det landet i verda med den høgaste gjeldsraten i forhold til inntekt i verda, då 80% av gjelda er bustadlån.</p> <p>Tiltak for å redusere bustadprisveksten vil ikkje berre lette tilgangen til bustadmarknaden og utjamne sosiale forskjellar, men også redusere den samla gjeldsbelastninga og forbetra det økonomiske handlingsrommet for innbyggjarane i Noreg.</p>	<p>Utgrei og iverksette tiltak for å redusere veksten i bustadprisar i heile landet</p> <p>Arbeidarpartiet bør utgreie korleis ein kan redusere bustadprisveksten i Noreg for å utjamne sosiale og geografiske forskjellar i bustadmarknaden.</p> <p>Utgreiinga bør vurdere tiltak på både statleg og kommunalt nivå, som endringar i planleggingsprosessar, lovverk, byråkratiske forenklingar i byggeprosessen, forenklingar i Byggeteknisk forskrift (TEK17), samarbeid med utbyggjarar, skattar og avgifter som reduserer attraktiviteten av å eige fleire bustader og bruk av Husbanken.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk
18	Kvinnerad Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	<p>Det er for tida stor etterspørsel etter ledige husvære i kommune – Norge. Grunnen er det store antall flyktningar som kjem til landet.</p> <p>Regjeringa bør derfor auka støtta til Husbanken med innretningar slik at ein kan byggja og investera i nye boligar. Dette vil også hjelpe til å avhenda ein del eldre boligar som er lite energisparande med manglende universell utforming.</p> <p>Det er for tida stagnasjon i byggebransjen. Dette vil også hjelpe til å halda aktiviteten oppe i denne bransjen.</p>	<p>Kvinnerad Arbeidarparti ønskjer at det skal bli betre lån eller støtteordningar gjennom Husbanken slik at kommunen maktar å byggja fleire boligar.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk
19	Stryn Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	<p>Stortingsmelding 15 (2017-2018), kalla «Leve hele livet»- er ei kvalitetsreform for eldre. Reforma skal bidra til å finne og dele nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samt samanheng og overgang i tenestene. Målet er at eldre skal få bruke ressursane sine og dekke behova sine i dei ulike fasane av alderdomen. Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, kjenne seg trygge på at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra ut frå sin kapasitet, og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. På grunn av krigen i Ukraina blir det stilt store forventningar til kommunane om mottak av flyktningar, som krev bustadar. Ved å stimulere kommunane til bygging av rimelege gjennomgangsbustadar kan kapasiteten aukast i samsvar med behovet.</p>	<p>Styrk Husbanken sine støtteordningar for omsorgsbustader og flyktningbustadar</p> <p>Framlegg:</p> <p>Den eldre delen av befolkninga vil i tida som kjem auke betydeleg og dette kjem til å stille store krav til kommunane. Det vert forventa at det vert lagt til rette for at eldre skal kunne bu lengst muleg i eller nær heimen, dersom dei ønskjer det. I tillegg forventar Regjeringa at kommunane tek i mot aukande tal flyktningar, som i seinare tid også har blitt eldre.</p> <p>Dei utfordringane som følger med dette, gjer at vi må forvente eit sterkare nasjonalt engasjement for å følgje opp med finansieringsordninga. Dette gjeld finansiering av eldrebustadar, omsorgsbustader og flyktningbustadar. Gjennom Husbanken sine verkemiddel og styrking av desse kan ein legge til rette for at det vert oppretta rimelege bufellesskap i bygdesenter.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk
20	Vestland AUF	Eit samfunn med små forskjeller:	<p>Få unge inn på boligmarkedet</p> <p>Med økende boligpriser og høye krav til egenkapital er det blitt nærmest umulig for unge å komme inn på boligmarkedet. De som får kjøpt bolig i ung alder, er dem som har pengesterke foreldre eller som har høy inntekt. Vestland Arbeiderparti mener det er grunnleggende urettferdig at det kun er de mest velstående av oss som kan klare å komme seg inn på boligmarkedet som ung. Vestland Arbeiderparti vil at det skal bli lettere å komme inn på boligmarkedet for alle, uavhengig av inntekten din eller av inntekten til foreldrene dine.</p>	<p>Vestland Arbeiderparti vil:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Doble bevilgningene til Husbanken i dagens statsbudsjett og styrke dem som en boligisosial aktør.</li> <li>- Styrke startlånsordningen fra Husbanken slik at flere kan få startlån fra kommune</li> <li>- Styrke ordningen med kommunale boligtilskudd for privatpersoner.</li> </ul>	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
21	Alver Arbeiderparti			Sosial bustadbygging Vestland arbeidsparti krev at partiet legg til rette for sosial bustadbygging slik landet hadde før premissane blei endra på 80-talet. Når markedet styrer er det mange, både einselege og låginnntekts familar som ikkje har økonomisk høve til å koma inn på bustadmarknaden. Arbeidspartiet må innføra ordningar som hjelper desse gruppene.	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk
22	Arbeiderpartiet i Bergen			Boligpolitikk 2025 Vi vil at flere skal komme seg inn på boligmarkedet. Arbeiderpartiet vil: - Fortsette å øke bevilningene til Husbanken sine ordninger startlån og bostøtte - Bygge flere kommunale boliger	Oversendes redaksjonskomiteen	Boligpolitikk
23	Bjørnfjorden Arbeidsparti		Det er eit demokratisk problem at det berre er om lag 5% av befolkninga som er politisk aktive. Vi treng ei kartlegging av årsakene til dette, slik at vi kan få vita kva vi kan gjera for å betra denne situasjonen. Deretter må vi setja inn naudsynte tiltak for å nå eit mål om å auka talet på politisk aktive i landet vårt.	Fleire aktive i politisk arbeid. Arbeidspartiet ønskjer ei nasjonal satsing på å få fleire engasjert i aktivt politisk arbeid.	Oversendes organisasjonsutvalget i Arbeidspartiet	Demokrati
24	Bremanger Arbeidsparti	Kvardagsutfordringar:	Høg vekst i talet på eldre og reduksjon i talet på barnefamiliar er ein trussel for utvikling av berekriftige lokalsamfunn og bygder på Vestlandet. I mai 2023 publiserte Statistisk sentralbyrå (SSB) ein rapport som viser at trenden med at flyttestraumen går frå distrikta til meir urbane strøk held fram. I Vestland fylke er Fedje, Eidfjord, Ulvik, Vik, Solund, Hyllestad og Bremanger dei hardast råka. For å stagnere folketalsnedgangen og evt. klare å skape vekst i folketalet må det settast inn stimulerande tiltak som kan motivere innbyggjarar til å bli verande, samt gjere det attraktivt for tilflyttarar å busetje seg i distrikta.	Bremanger Arbeidsparti ser på det som svært viktig at vi bremser den akutte befolkningssnedgangen i distrikta. Det må settast i gang ei offentleg utgreiing for å få svar på kva tiltak/incentiv, økonomiske og andre som kan settast i verk for gjøre det lettare å rekruttere folk tilbake til utkantkommunane.	Vedtas - oversendes programkomiteen	Distriktpolitikk
25	Årdal Arbeidsparti		Små og mellomstore kommunar nyttar svært mykje midlar på rekrutteringstiltak og vikarar for å kunne oppretthalde lovbestemte tenester. Dette fører til store ekstra utgifter.	Regjeringa må ta på alvor situasjonen til kommunane som slit med rekruttering av personal i dei kommunale tenestene som helse og omsorg, barnehage og skule.  Ein må m.a. sjå på ekstra tilskot, utdanningskapasitet, fagleg utvikling, løn og arbeidsvilkår.	Vedtas - oversendes programkomiteen	Distriktpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
26	Vik Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	<p>Ufordiniane med mangel på arbeidskraft kan vera ein sterk trussel mot å bevare folketaket og oppretthalde bygdene. Mangel på kvalifiserte søkerar med høgare utdanning til til dømes lærarstillingar i barnehage og skule er ei aukande utfordring, og utan til dømes legar og sjukepleiarar, vil det vera redusert tryggleik i kommunane. Klarer vi ikkje å skaffe nok personell inn i dei kommunale yrka, vil lokale lønnskilnadar verke kanibaliserande. Ein generell sentral lønsauke vil difor ha best effekt. Vik Arbeiderparti meiner at ein i kommunal sektor er kome til eit punkt der alvoret i mangelen på kvalifisert arbeidskraft må gjerast noko med. Om det ikkje vert sett igong tiltak for å betre på situasjonen vil ein i kommunal sektor ikkje lenger vere i stand til å utføre lovpålagede oppgåver på ein trygg og forsvarleg måte. Trykket på dei som arbeider i offentleg sektor er stort og kan ikkje vedvare over tid. Vik Arbeiderparti meiner difor at ein på kort sikt må auka ramma til offentleg tilsette i komande lønnsoppgjør og på lenger sikt og må setje i verk andre målretta tiltak for å få utdanna fleire til stillingar innan plan og forvaltning, helse og oppvekst.</p>	<p>Ufordinane med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i kommunane, fører til trond for å prioritere ein auke i løna til offentleg tilsette. Kommunane får stadig større utfordinar med å rekruttere tilsette til ledige stillingar. Det gjeld både fagarbeidarstillingar og stillingar med krav om høgskulutdanning. Det gjer at løna i kommunal sektor må aukast, for at ungdommar og andre skal velje seg utdanninger retta mot kommunale stillingar, og for at tilsette i kommunal sektor skal verte verande.</p>	Vedtas - oversendes programkomiteen	Distriktpolitikk
27	Ullensvang Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Vestland står på trappene til den største omstillingen i etterkrigstiden. Vi må klare å kombinere store kutt av klimautslipp, rask omstilling av næringsliv og industri og lykkes med videre jobbskaping, samtidig som vi tar vare på natur- og biomangfold. Skal vi lykkes trengs mye mer kraft og nett. Kraft gapet i Vestland mellom ønsket forbruk og planlagt ny produksjon er på hele 15-24 TWh. Framtidas effektverk vil kreve store arealer og medføre store ulemper for verkskommunen. Skal vi lykkes med omstillingen må verkskommunenes rolle styrkes. Hurdalsplattformen: Tiden for overkjøring av lokalsamfunn er over. Lokalsamfunn skal bestemme mer selv, og folk skal få mer innflytelse over og kunne være stolte av sin egen hjemplass. Sikre lokalsamfunn innflytelse over egne naturressurser som stilles til rådighet for verdiskaping, og at lokalsamfunn og fellesskapet får en rettferdig del av verdiene som skapes.</p>	<p>Vestland Ap vil ha en gjennomgang av lovverket for hvordan fordeling av verdiskapingen skal være når framtidas pumpekraftverk, elvekraftverk, vindkraftverk, atomkraftverk og effekt kraftverk skal bygges. Vi ser allerede en økende lokal motstand mot videre utbygging av slike kraftverk på grunn av manglende regel- / lovverk for fordeling av verdiskapingen. Dagens regel- / lovverk dekker ikke utfordringene verkskommunene får ved overgang til fornybarsamfunnet.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
28	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Jørn Eggum i Fellesforbundet sa dette i talen til Buskerud SP 13.januar: " Politisk kontroll over strømprisen er den aller viktigste saken for mine medlemmer. " Han la til: " Prisen må baseres på produksjonskostnadene, ikke slik det børsdrevne markedet fungerer i dag, der prisen styres av høyeste budgiver i Europa. Strøm er en strategisk ressurs for industrien og en viktig ressurs for husholdningene, og den skal omsettes uten bidrag til finansielle spekulasjoner og storprofitt for kraftprodusentene." Her kjem Eggum med resepten for å vinne valet i 2025. Straum til ein føresieleg pris som sikrar konkurransefordel saman med forsyningstryggleik, ny industrireising og klimamål må vere førande for måten det norske kraftsystemet vert organisert. Oppsummeringa av kommunevalet viser også at den viktigaste tilbakemeldinga frå medlemmene var strømprisen. Kontroll over strømprisen vil avgjere valet i 2025.</p>	<p>2. Ørægn: Kontroll over strømpris Kontroll over strømprisen vil avgjere valet i 2025. Sunnfjord AP vil at Norge tek tilbake statleg kontroll over omsetting av norskprodusert strøm og utveksling av strøm med andre land. For å sikre at kraftsystemet fungerer godt, og for at vi kan sikre strømpriser som på nyt blir et velferdsgode for folk og et konkurransefortrinn for norsk næringsliv. Vi meiner løysingane kan finnast innanfor EØS-avtalen, men det krev at Norge tek initiativ til forhandlingar for å utnytte handlingsrommet i avtalen.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
29	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	Siste tida har vertilhøva sett beredskapen på prøve, det har vore sterk vind, kulde og mykje snø. I romjula 2023 vart straumen borte i fleire lange periodar i spreidtbygde område i Vestland. Når straumen er borte først i 13 timer og så i 22 timer, er det utfordringar for hushaldningane. Endå mein utfordrande er det for bøndene, som er avhengige av straum for mjølking m.m. Etter ei tid uten straum fall også mobilnettet ut, så sjølv om ein hadde sørga for fullada mobiltelefon, var det då uråd å kommunisere med omverda. Dette medan snø, vind og kulde gjorde det ekstra krevjande å ta seg fram elles. Det syntet seg at batterikapasiteten til sendarane var for låg i høve til kor lang tid det tok å få i gang straumforsyninga. For personar som sit i mørket og er utan telefonkontakt med omverda, er det ein uthygg situasjon. Dette må kommunane, fylka, energi- og nettselskapet ta på alvor, og snarast sette i gang arbeid med å forbetre.	Styrka beredskap for energi og telekommunikasjon. Arbeidarpartiet må arbeide for styrka beredskap innan energiforsyning og telekommunikasjon. Beredskapen må omfatte også batterikapasitet på sendarar i spreidtbygde område, og det må lagast strengare krav til vedlikehald av heile straumannettet. Lokal kunnskap, trygt vedlikehald og rask feilsoking må vektleggast. Vaktordningar må også vurderast på nytt.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
30	Voss Arbeiderparti		Voss Arbeiderparti vil uttrykkja sterkt uro over at regjeringa framleis ikkje har teke naudsynt politiske grep for å få straumprisen attende til eit nivå før dei to store eksportkablane vart tekne i bruk. Det er ikkje noko enkeltaks som i sterkegrad har svekka littelen til partiet og regjeringa enn straumpriskrisa. Forklaringa på det dårlege kommunevalet og dei påfølgjande dårlege målingane, er samansett, men det er liten tvil om at den uavklarte situasjonen om straumprisen framleis er ei kjelde til mistillit. Regjeringa har fått på plass ei generøs straumstøtteordning, som er blitt forbetra, men straumstøtta er ikkje sosialt omfordelandande, og gjev ikkje insentiv til energiøkonomisering. Målet med ei sterke politisk styring av straumprisane er å sikra kontroll over og ei rettferdig fordeling av dei felles ressursane våre. Samstundes må prisprofilen vera slik at han stimulerer til energisparing og ENØK-tiltak. Naturkrisa er like alvorleg og akutt som klimakrisa. Det er såleis svært krevjande å produsera mykje ny fornybar kraft i dei nærmaste åra. Både straumprisane og fordeling av tilgjengeleg kraft krev derfor politisk styring, ikkje marknadsløysingar som gjev straumpriser skyhøgt over dei reelle produksjonskostnadene.	Politiske styring av kraftsektoren Både straumprisane og fordeling av tilgjengeleg kraft krev kraftfull politisk styring, ikkje dysfunksjonelle marknadsløysingar. Regjeringa må ta naudsynt politiske grep for å få straumprisen attende til eit nivå før dei to store eksportkablane vart tekne i bruk.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
31	Sunnfjord Arbeiderparti	Grøn omstilling:	Ved omlegging til eit meir miljøvenleg energibruk, treng Noreg ein stabil og forutsigbar energiforsyning. På Kjeller har det frå 1951 og i Halden frå 1958 og fram til 2019, vore forska på kjernekraft-teknologi. På denne tida har Institutt for energiteknikk (IFE) drifta 4 forskningreaktorar. Dette tilseier at vi her i landet har god kompetanse innanfor kjernekraft. Vi har også store førekomstar av Thorium her i landet, som kan brukast til t.d. kjernekraftverk. Ved å bygge små SMR (små modulære reaktorer, som er bygd på salstmeteknologi, og som er mykje sikrare enn konvensjonelle reaktorar) der det er behov for mykje energi, vil ein også unngå å bygge store nye kraftlinjer. Dette vil igjen føre til at ferre nye linjer må byggjast, og dermed slepp ein ytterlegare auking av nettleiga. Vi vil også då unngå å bygge ned den norske naturen med store naturinngrep.	Små Modulære Reaktor – kraftverk For at både næringsliv og private husholdningar i framtida skal ha ei sikker energiforsyning, oppfordrar Sunnfjord Ap at myndighetene no gjer det dei kan, for å kunne ta i bruk SMR kraftverk her i landet.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
32	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	Straum for oss her i Noreg, er nesten like viktig som medisin. Då er det feil at denne vara skal auksjonerast og overbyast ved hjelp av datamaskiner som er innprogramerte ved hjelp av lagaritme. Vi kan stille spørsmål om «spotpris» no er riktig å bruke om kraftprisen. Det er på tide at Regjering og styresmakter utførmar reglar for kva vi (også næringsliv) her i landet skal betale for denne viktige vara.	Straumprisar Slik straumprisen no er i Noreg er ikkje på nokon måte bærekraftig for det norske samfunn. Det bør derfor innførast ei ny form for prisfastsetting, der gamal regulærbar kraft får ein minstepris og ny uregulerbar får ei avgift som skal gå til generell reduksjon av kraftprisen.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
33	Kvinnherad Arbeiderparti	Grøn omstilling:	Noreg går mot kraftunderskot. For å dekka behovet for billig og føreseileg kraft, må Noreg gjera omfattande grep. Kraftutbygging må vera rein (utan bruk av fossilt brensel), føreseileg (ikkje véravhengig), ressurseffektiv (litt behov for metallar) og ein må begrensa nedbygging og rasering av store naturområde. Ankepunktua mot kjernekraft er farene for ei ulukke ved eit kjernekraftverk og lagring av restavfall etter den kjernefysiske prosessen. I Noreg har vi alle forutsetningar for å møte disse problemstillingane. Noreg har den tredje største førekomensten av Thorium i verda. Thorium gir mykje mindre langlivia radioaktivt avfall og er rekna som mykje tryggare enn konvensjonelle reaktorar. For sikker lagring av det radioaktive avfallet bør dette etter modell frå Finland lagrast minst 500m under jorda. Med den tilgjengelege boreteknologien frå olje/gassbransjen i Nordsjøen bør alt ligge til rette for at Noreg kan lage trygge depot for lagring av kjernefysisk avfall. Sjølv om kjernekraft i Noreg ligg fram i tid, må ein allereie no komme i gang med forskningsarbeidet, dersom kjernekraft skal bli ein del av den norske kraftproduksjonen innan 2040.	Naudsynte rammevilkår for kjernekraft skal utgreiast. Det skal setjast av midlar til forskning på kjernekraftverk i Noreg, fortrinnsvis ved bruk av thorium.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
34	Stryn Arbeiderparti	Grøn omstilling:	Grunngjeving: Det vil være svært positivt dersom regjeringa, gjennom økonomiske støtteordningar kan forstyre energiøkonomisering i industrien og hushaldningane. Statsbudsjettet yter store midlar til dette satsingsområdet, men Regjeringa kan med stor fordel bidra til større satsing på støtteordningar til sparing og produksjon av rein fornybar energi. Eksempel på dette kan vere auka støtte til etterisolering, skifting av vindauge, varmepumper, jordvarme, solcelleanlegg, som vil bidra til det grøne skiftet.	Sterkare satsing på energisparing og fornybar produksjon som energipolitisk verkemiddel  Forslag: Vestland Ap krev at tilskotsordninga til energiøkonomisering hos bedrifter og private må gjerast meir attraktive og langsiktig. Det må i enno større grad brukast offentlege midlar for å sikre effektiv energiøkonomisering, både i industrien, offentlege og private bygg. Satsing på solenergi, jordvarme, fjordvarme, biovarme og vasskraft må prioriterast sterkare med økonomiske verkemiddel gjennom ENOVA og skattesystemet.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
35	Bremanger Arbeidarparti	Anna tema:	Straumprisane vi har hatt i store delar av landet har dei siste åra vore historisk høge. Dette har gjeve private forbrukarar og næringsliv utan langsiktige fastpriskontraktar store økonomiske utfordringar. Om prisane fortset å ligge på same nivå, vil utfordingane for desse gruppene eskalere. Utan verkfulle og permanente tiltak, vil det på litt lengre sikt også få store konsekvensar for den kraftforedlende industrien. Gjennom langt over hundre år har den norske vasskrafta gjort det mogeleg å etablere industri langs heile kysten, frå Kristiansand i sør til Tana i Nord. Denne industrien har skapt- og skapar aktivitet, arbeidsplassar og livsgrunnlag i mange lokalsamfunn langs heile kysten. Vasskrafta er den største konkurransesfordinnen desse bedriftene har, og er ein avgjeraende faktor for dei store verdiane som vert skapt. Det må difor etablerast verkfulle og permanente tiltak som sikrar rimeleg straum for vanlege forbrukarar og som opprettheld konkurranseskrafta for den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv. Det er viktig at tildeling av uttak med stor effekt og forbruk (t.d. batteriproduksjon og elektrifisering av anlegg i Nordsjøen) skjer i same takt som det vert tilgang på tilsvarende ny fornybar produksjon. Dette for å unngå prispress og dermed sikre at eksisterande kraftintensiv industri ikkje vert utkonkurert.	Bremanger Arbeidarparti meiner at det må iverksetjast varige og verkfulle tiltak som sikrar rimelege straumprisar for vanlege forbrukarar og som opprettheld konkurranseskrafta for den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
36	Årdal Arbeiderparti		Industrien i Norge skal gå i gjennom eit grønt skifte og då treng me meir kraft. Ny kraft må til for å utvikla eksisterande industri og ny grøn industri. Ein må både legge til rette for meir produksjon og betre nett.	Industrien i Vestland må få nok kraft tilgjengeleg slik at den kan utvikla seg	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
37	Austrheim Arbeiderparti	Anna tema:	Produksjon av blått hydrogen og reduksjon av CO2-utslepp på Mongstad.	Staten må sikra at avtalen mellom RWE og Equinor om levering av energi til Tyskland, skal resultera i produksjonsanlegg for blått hydrogen i Vestland fylke. Dersom ein til dømes bygger eit slikt produksjonsanlegg på Mongstad, kan hydrogen også nyttast som energiberar på oljeraffineriet og dermed halvere CO2-utsleppet frå dette anlegget. I tillegg kan blått hydrogen nyttast som råstoff når framtidas skips- og flydrivstoff skal produserast ved anlegget på Mongstad.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
38	Vik Arbeiderparti	Anna tema:	Kjelde Ordføraropprop frå 104 Kommunar. (selve oppropet er tatt ut pga lengde, esensen er prøvd å tatt vare på) I høve Stortinget si komande handsaming av forslaga frå Inntektsystemutvalet, ønsker vi å kome med fylgjande uttale frå 104 ordførarar: Bakgrunn: Noreg står fram for store utfordringar både når det kjem til å kunne leve nok straum til innbyggjarane, og ta oss gjennom det grøne skiftet. Vi som signerer dette oppropet sit på naturressursane som skal til for å kunne halde fram med å produsere fornybar kraft, men spørsmålet regjeringa må stille seg er; har vi viljen som skal til? Står erstatninga vi får for at storsamfunnet har fått utnytte vår natur i over 100 år i stil med tapet vi må leve med? Hittil har svaret stort sett vore ja, men når det vert presentert forslag om å ta frå oss desse inntektene, ja då minkar det på viljen til å bidra.	Samfunnskontrakte mellom verkskommunar for vasskraft og Stortinget må bestå. Mange konsesjonskraftkommunar har avstått areal til storstilt kraftutbygging, noko som har gjort Norge til ein nasjon som har kunna byggja industri basert på rein fornybar energi. Konsesjonskraftkommunane står for kun 4 % av den totale kraftproduksjonen, men det er heile tida desse kommunane som vert råka av angrep frå inntektsutjamning. Inntekten konsesjonskraftkommunane har hatt, har gitt kommunane økonomi til å bygga, driva og vedlikehalde eit vegnett, oppvekst-sektor og eldreibomsorg, på trass dei ulemper det fører med seg i ein grissgrendt utkant. Vestland AP krev at den Samfunns-kontrakta ikkje vert broten, og at NOU 2022:12 vert lagt i skuffa den høyrer heim i.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
39	Alver Arbeiderparti		Det er stor forskjell i straumprisane nord og sør om Sognefjorden. Dette kan ikke forsvaret for oss som er eit styringsparti. Auking av straumlinjekapasiteten over Sognefjorden er avgjerande for å styrke energiinfrastrukturen i regionen. Dette kan oppnåast med å investere i oppgraderte kraftleidningar og teknologiar som aukar overføringskapasiteten. Ein grundig planlegging og samarbeid med lokale myndigheter er nødvendig for å sikre ei berekraftig og effektiv løysning. Dette vil ikkje berre forbedra straumstabiliteten, men også støtte økt bruk av fornybar energi i området.	Forsterking av straumnettet Vestland AP krev at Regjeringa set fortgang i å knyta saman overføringsnettet i Nord- og Sør Noreg. Når det er på plass skal det ikkje nyttast som Europaveg vidare til utlandet, men gi energi til industriutvikling lokalt. Det bør nyttast sjøkabel der det er formåstenleg.	Oversendes redaksjonskomiteen	Energipolitikk
175	Osterøy Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	På avdelingar er det ulik bemanning når enkelte born får diagnostas som gjev rett på ekstra tett oppfølging. Trongen for slik oppfølging er ikke ukjend før diagnose føreligg, men gjerne godt kjend i lang tid og kanskje flere år før eit vedtak eller diagnose ligg føre. Difor føreslår meg at ressursar kan fordelast litt slik det passar best. Ikke ulikt korleis det fungerer på ein skule der rektor kan fordele ressursar også litt etter korleis dei best kan nyttast. Det er likevel ønskjeleg med to pedagogiske leiarar per barnegruppe.	Til bemanninga i barnehage bør det vurderast om barnehagar kan rekne på snitt over fleire avdelingar for å gje fleksibilitet knytt til ulik organisering, tilgjengelege areal og forskjellige barnegrupper sine individuelle tilpassingar.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
176	Osterøy Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	Målet om 60% barnehagelærarar får regjeringa og partiet til å framstå til dels utan kontakt med røynanda. Det pågår ei bemanningskrise i barnehagen og søkartala til utdanninga er synkande med det lågaste på 10 år med 2557 søkjavar i 2023, som mot eit snitt på 3726 frå dei førre 9 åra utgjer ein reduksjon på 31% i søkerantalet.	Målsettinga om 60% barnehagelærarar må kuttast frå regjeringsplattformen og heller nytte målet om at minst halvparten skal ha slik utdanning.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
177	Øygarden Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	Å redusere talet på barn per voksen er ei gjennomførbar tilnærming til betre bemanning i barnehagen. Det gjev tettare oppfølging av ungane og betre arbeidstilhøve for tilsette. Ein reduksjon i barnetalet vil redusere utfordringa knytt til dårleg bemanning i spesielle perioder av barnehagedagen som opning, stenging, pauser og møter.	Bemanninga i barnehage bør betrast ved at talet på ungar per voksen må ned.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
178	Bremanger Arbeidarparti	Riktig kompetanse og nok folk:	31. mai i 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanninng på barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagane har ei grunnbemanninng på minst ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år. Bremanger Arbeidarparti meiner at grunnbemanninng må gjelde for heile opningstida. Dette for å sikre at det er nok vaksne på avdelingane – sjølv om tilsette har si plantid og deltek på møter i opningstida til barnehage. Ei tilfredsstilande bemanninng i heile opningstida er med å sikre eit tilbod til det beste for barna. Eit viktig tiltak i det førebyggande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø. Regjeringa har i Hurdalsplattforma som mål å forbedre bemanningsnorma slik at den sikrer barna nok ansatte. Dette skal skje blant annet ved å stille krav til vikarbruk, krav til stedlig leder, gjennomgå oppgaver som tar ansatte bort fra barna og gjennomgå finansieringen av normen. Bremanger Arbeidarparti meiner at ei bemanningsnorm som gjeld heile opningstida er med på å styrke kvaliteten i barnehagane.	Bremanger Arbeidarparti ser det som svært viktig å få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld for heile opningstida. For barnehagar med lang opningstid er bemanninnga langt dårlegare enn kva bemanningsnorma tilseier.	Avvises - Styret mener dette ikke er i tråd med vedtatt politikk	Oppvekstpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
179	Vestland Arbeidarparti	Eit samfunn med små forskjeller:	Du må ha hatt inntekt 6 av dei 10 siste måndene før du startar perioden med foreldrepengar. Då har foreldre rett til permisjon med løn i tilSAMAN 12 månader i samband med fødsel.  Samla fruktbarsheitstal (SFT) vart målt til 1,41 barn per kvinne i 2022. Det er ein kraftig nedgang frå 1,55 året før og det lavaste som er nokon gong er målt, i Norge. Gjennomsnittsalder for førstegangsfødande har halde fram å auka og gjekk opp frå 29,9 år i 2020 til 30,1 år i 2021.  Av biologiske grunnar kan det då bli vanskeleg å rekka å få t.d. tre born eller fleire og det er fare for at fruktbarheitstalet kan gå ytterlegare ned, i Norge. Då må andre tiltak vurderast, difor m.a. vårt framlegg.	Frå Kvinnenettverket:  Norge treng fleire born:  Eingangsstønad ved fødsel vert auka betydeleg, frå kr. 92.648 til til dømes kr. 200.000 i samband med fødsel, for kvinner som får sitt første barn før mor har fylt 23 år og som ikkje har vore i løna arbeid 6 av dei 10 siste månadene før perioden med foreldrepengar tek til.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
180	Årdal Arbeiderparti			Motverke barnefattigdom – eit verdig liv  Det er meir enn 102 000 barn i Noreg som lev under fattigdomsgrensa. Talet har gått ned dei siste åra. Dei framleis høge tala kan vi som sosialdemokratar ikkje akseptere. Det handlar om politisk vilje og prioriteringar.  Avskaffe barnefattigdom er viktig som førebyggjande tiltak mot utanforskap, kriminalitet, helse og livskvalitet og ikkje minst kan det gje barn/unge eit verdig liv.  Arbeidarpartiet er det einaste partiet som kan gjere noko som kan endre dette. Me har ideologien og me har makt til å gjere endringar.  Endringane må bestå av ein rekke tiltak på ulike områder som gjeld barn og unge.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
181	Vik Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	For få vaksne fører ofte til at pedagogane ikkje får nyttet den avtalefesta plantida si. Plantida til barnehagelærarane vert brukt til planlegging, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i barnegruppa. Med gjeldande minstenorm for bemanning har barnehagane full bemanning i berre omlag tre timer kvar dag. Når avdelingar t.d. vert slegne saman, fordi det ikkje er nok tilsette på jobb i barnehagen, vert bemanningsituasjonen særleg sårbar for de yngste borna. Barnehageborna treng tilsette som er til stades på avdelingane. Born treng vaksne som har tid til trøyst og samtale. Me vil ha trygge born i barnehagen. Trygge born leikar og utforskar, dei tek kontakt med andre born og får ein grunnleggande tillit til verda. § 41-43 i Barnehagelova seier at alle born skal vera sikra eit godt psykososialt miljø. For å sikre at alle born får det, trengs det nok personale som er observante og til stades heile dagen. Dersom samfunnet vil ta på alvor det som står i barnehagelova om å ta omsyn til borna sitt beste, må ein syte for betre bemanning i barnehagane.  Borna treng fleire vaksne rundt seg gjennom heile dagen. Barnehagen er i stadig endring og barnegruppene er større enn nokon gong. Det er auka krav til personalet og det krev auka kompetanse. Å investera i born sine tidlege leveår gjev god samfunnsøkonomisk avkastning på lang sikt. Gode barnehagar er og med på å gi auka yrkesdeltaking hjå småbarnsforeldre. Gode barnehagar bidreg til å gi born betre utdanning og velferd.	Årsmøtet i Vik Arbeidarparti oppmodar på nytt om at Arbeidarpartiet må bidra til å sikre ei bemanningsnorm som fungerer i barnehagekvardagen. Det må jobbast for å få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld kvar dag, slik at det til ei kvar tid er nok vaksne på avdelingane. Slik bemanningsnorma no fungerer, er barnehagane i stor grad underbemanna, noko som går sterkt ut over kvalitetten både på barnehagetilbodet og arbeidsmiljøet til dei tilsette.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
182	Vestland AUF	Eit samfunn med små forskjeller:	Et samfunn med like muligheter for alle Økende økonomisk ulikhet svekker det norske samfunnet på mange områder. En evig oppsamling av formue svekker befolkningens kjøpekraft og gjør økonomien mer sårbar. Større forskjeller bryter ned til samfunnet og gir makt til de få fremfor de mange. Over de siste 10 årene har forskjellene i Norge økt uavhengig av regjering og politisk flertall. For Arbeiderpartiet vil alltid det viktigste være å sikre et samfunn med like muligheter for alle. Uavhengig av hvem du er og hvilken familie du kommer fra, skal du ha de samme mulighetene til å lykkes. Arbeiderpartiets mål må være at ingen i Norge skal vokse opp i fattigdom, og vi kan aldri akseptere at fattigdommen stiger på vår vakt. Det blir derfor en av arbeiderpartiets hovedoppgaver at vi ikke kommer ut av denne dyrtiden med permanent økt fattigdom og økte forskjeller. Vi må drive en aktiv omfordelingspolitikk slik at forskjellene ikke bare stopper å øke, men også går ned.	Vestland Arbeiderparti vil: - Gjennomføre en oppvekst reform som sikrer gratis barnehage for alle - At barnetrygden skal være universell, ikke skattlegges og indeksreguleres - Innføre generasjonsskatt - Heve de laveste sosialhjelpsatsene se på hvordan man kan øke de laveste lønningene - At økningen i trygden skal følge inflasjon og faktiske levekostnader i samfunnet.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
183	Kvam Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	Det er no gode ordninger for lærarar som ynskjer å ta vidareutdanning. Dei kan ta vidareutdanning medan dei er i full jobb. Dei kan velja mellom vikarordning eller stipendordning. Denne ordninga gjer at fleire lærarar ynskjer å ta vidareutdanning. Barnehagelærarar har ikkje same moglegheit for å ta vidareutdanning. Det finnes ei ordning, men den er ikkje like god som den lærarane har.	ETTERUTDANNING FOR BARNEHAGELÆRARAR. Det skal utarbeidast ei ordning for vidareutdanning for barnehagelærarane på lik linje med ordninga til lærarane. Dei skal få moglegheit til å velja mellom vikarordning eller stipendordning.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
184	Kvam Arbeiderparti	Riktig kompetanse og nok folk:	Det er fleire og fleire elevar som ikkje opplever å ikkje høyrer til i skulen, og som fell utanfor. Dei slitt med motivasjon og flere meiner skulen er for teoretisk. Mobbing, krenking og det og ikkje ha vener er òg ein del av utfordringsbilete. Det vert gjort mykje godt arbeid i skulen, men ein ser likevel at elevar vegrar seg for å gå på skulen. Det er fleire orsakar til dette, men opplevinga av å ikkje høyre til over lang tid gjer at elevar ikkje får den opplæringa de har krav på. Ein må leggi til rette for at elever opplever meistring. Dei treng trygge rammer i ei mindre gruppe, jobba meir praktisk og samstundes få auka sjølvtiltilliten. Ein alternativ opplæringsarena kan vera eit springbrett tilbake til skulen. Det er kommunar som har alternative opplæringsstilbod, men alle kommunar skulle hatt eit slik tilbod til elevane.	ALTERNATIV OPPLÆRINGSARENA Alle kommunar skal ha eit alternativt opplæringsstilbod for elevane. Tilboden skal kunne gjevest til enkeltelevar og klasser for å betra klassemiljøet.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
185	Bjørnafjorden Arbeidarparti	Eit samfunn med små forskjeller:		Gratis SFO. Barn i Norge må få tilbud om gratis SFO på 1- t.o.m 4 trinn.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
186	Alver Arbeiderparti		Bemanning i barnehage  Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti krev at regjeringa vil sikre god kvalitet i barnehagen. Dette kan dei mellom annen gjøre ved å setje av midlar til å dekke inn plantida for pedagogane. Plantida er 4 timer per veka per pedagog. Ved å dekke plantida, vil ein sikre at bemanningsnorma er oppfylt større delar av dagen. Dette vil igjen sikre betre kvalitet til barna i barnehagen.	Bemanningsnorma i barnehage er 3 vaksne per 18 barn over 3 år, og 3 vaksne per 9 barn under 3 år. Store delar av dagen er bemanninga under norm. Årsaka til det er mange, m.a. plantid, ulike møte, tid til dokumentasjonsarbeid, samarbeid med andre etatar, pausetid, sjukdom. Etter nasjonale føringer skal det innførast 50 % pedagogtettleik frå 2025. Fleire pedagogar krev meir plantid, som er ein føresetnad for å sikre god kvalitet i barnehagen! I praksis fører dette til mindre vaksentettleik. Utdanningsforbundet har gjort ei undersøking blant barnehagelærarane. Denne viser at heile 29 % av dei spurde seier at dei kjem til å slutte i jobben innan 3 år. Dei siste åra har det og vore stor nedgang i søkjartal til barnehagelærarutdanning. Prisen på barnehageplass, og gode støtteordninger som redusert foreldrebetalning og gratis kjernetid, har gjort barnehagen meir tilgjengeleg for alle barn. Det er bra! No bør fokus på kvalitet prioritert. Nok pedagogar og nok personale er garantisten for kvalitet i barnehage! Eitt resultat av lite bemanning er at fleire barn får enkeltvedtak. Med betre bemanning, kan fleire barn få tilbodet sitt innafor det ordinære tilboden. Barna vil såleis verte inkludert i barnegruppa.	Oversendes redaksjonskomiteen	Oppvekstpolitikk
187	Voss Arbeiderparti		Ei slik ordning vil fordela makt mellom fleire personar i partiet. Ein unngår at partileiar vert bunden opp i andre roller, ein frigjer tid og arbeidskraft, og sikrar at fleire røyster kan målbera og ivareta interessene til partiet og Vestland overfor regionale og sentrale styremakter.	Permisjon ved sentrale verv Leiar i Vestland Ap tek permisjon frå vervet som leiar om ein får framtredande verv i partiet som statsråd, statssekretær eller fylkesordførar. Nestleiar tiltrer som leiar under permisjonen.	Avvises	Organisasjon
188	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	Arbeiderpartiet gjer mykje godt politisk arbeid no dei er i regjering, likevel har meinigmålingane gått nedover. Vi ser at sosialdemokratiske parti får redusert tilslutning i den vestlege verda, medan ytterleggåande parti får auka oppslutning. Den teknologiske og digitale utviklinga har ført til nedgang i tal personar i yrke som bygger på manuell arbeidskraft, nyt yrke kjem inn. Det er auka mobilitet både geografisk, mellom sosiale lag og mellom land og verdsdelar. I denne situasjonen treng vi sosialdemokratisk politikk meir enn nokon gong. Denne politikken må bygge på felles visjonar om eit sosialdemokratisk samfunn, der innbyggjarane er med og formar politikk ut frå sosialdemokratisk identitet og fellesskap. Statsvitaren Francis Fukuyama seier det slik: «Identitet kan brukes til å splitte, men det kan også vært brukt til å integrere.» Den teknologiske og digitale utviklinga har gjeve oss nye utfordringar, men også nye mogelegheiter.	Identitetsbygging Arbeiderpartiet må arbeide for styrking av identitet og fellesskap bygd på sosialdemokratiske verdiar. Det må lagast ein plan for identitetsbygging og fellesskap som tuftar på menneskeverd, demokrati, dialog, toleranse, likestilling og samhald. Til dette arbeidet må nyttast den beste kompetansen vi har innan psykologi, filosofi, m.m. Arbeidet må gjennomførast i heile organisasjonen.	Oversendes organisasjonsutvalget i Arbeiderpartiet	Organisasjon

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
189	Lærdal Arbeiderparti	Anna tema:	Dette forslaget vil ivareta innteressene til partiet.	<p>Styret i Lærdal arbeiderparti har fylgjande framlegg til uttale til årsmøtet i Vestland arbeidsparti:</p> <p>Permisjon ved sentrale verv</p> <p>Leiaren i Vestland arbeidsparti tek permisjon frå vervoet som leiar om han får sentrale verv i partiet som til dømes statsråd, statssekretær eller fylkesordførar. Nestleiar tiltar som leiar under permisjonen.</p> <p>Grunngjeving</p> <p>Ei slik ordning vil gjøre at interessene til fylkespartiet vil vere ivaretakne på ein god måte, utan at det kan vere tvil om rolleblanding der regionale og nasjonale interesser kan vere i motsetning. Ei slik ordning vil fordela makt mellom fleire personar i partiet og ein unngår at partileiar vert bunden opp i andre roller, ein frigjer tid og arbeidskraft. Det sikrar at fleire røyster kan målbera og ivareta interessene til partiet og Vestland overfor regionale og sentrale styremakter.</p>	Avvises	Organisasjon
190	Arbeiderpartiet i Bergen	Anna tema:	<p>Den sikkerhetspolitiske situasjonen i Europa og verden har endret seg dramatisk de siste årene. Vi lever i en utsiktsrik verden.</p> <p>Rapportene fra Forsvarsdepartementet og Totalberedskapskommisjonen peker på store mangler innenfor forsvar og beredskap i Norge.</p> <p>Å styrke forsvaret og beredskapen blir viktig i tiden fremover.</p> <p>Arbeiderpartiet må ha forsvar og beredskap som prioritert.</p> <p>For å kunne jobbe frem den beste politikken og få satt fokus på forsvar og beredskap bør det opprettes et Forsvars-politisk utvalg Vestland Arbeiderparti.</p>	<p>Arbeiderpartiet i Bergen vil:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- at Vestland Arbeiderparti oppretter et Forsvars-politisk forum.</li> </ul>	<p>Styret mener at dette skal ivaretas av Internasjonalt utvalg og medlemmer suppleres for i vareta dette etter årsmøtet</p>	Organisasjon
191	Vik Arbeiderparti	Anna tema:	Grunngjevinga er at ei slik ordning vil fordela makt mellom fleire personar i partiet. Ein unngår at partileiar vert bunden opp i andre roller, ein frigjer tid og arbeidskraft, og sikrar at fleire røyster kan målbera og ivareta interessene til partiet og Vestland overfor regionale og sentrale styremakter.	Leiar i Vestland Ap fråtrer vervoet som leiar om ein får framtredande verv i partiet som statsråd, statssekretær, stortingsrepresentant eller fylkesordførar. Nestleiar tiltar som leiar.	Avvises	Organisasjon
192	Kvam Arbeiderparti	Anna tema:	I Hurdalserklæringa vart opptrapningsplan varsli. Førebels er løvyingane til skredsikring av fylkesvegar i Vestland lågare enn dei var då erklæringa vart skriven. Ny NTP må innehalda ei kraftig opptrapping av midlar til rassikring. Det er nok lovnader og erklæringer no. Skal me har truverde, må det pengar på bordet. Statsbudsjettet for 2025 må difor innehalda ein markert auke i løvyingane til skredsikring.	Opptrapningsplan for rassikring av riks- og fylkesveg må iverksetjast. Løvyingane må startast no.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
193	Ullensvang Arbeiderparti	Anna tema:	I Norge er ei rekke arbeids og skulevegar rasutsette. Nasjonal rassikringsgruppe har kome fram til at alle raspunkt med høg og middels høg skredfaktor kan utbetrast i høe 12 år, dersom ein sluttar seg til nasjonal rassikringsgruppe sine prioriteringar. Vestland Arbeiderparti og Vestland fylkeskommune har slutta seg til Nasjonal rassikringsgruppe sine konklusjonar. Vi må no sørga for at denne politikken vert sett ut i livet. Det Norske Arbeiderparti og regjeringa har vedteke at det skal utferdigast ein forpliktigande nasjonal skredskringsplan. Dette må gje konkrete resultat i komande NTP. Vestland fylke er svært rasutsett. Nasjonale værframskrivingar viser at utfordringane i fylket vil auka grunna våtare klima. Både i fjar og i år har fylket vårt vore prega av omfattande vegstengingar på grunn av ras og rasfare. Smale og rasutsette vegar gjer at Vestland har infrastruktur som ligg langt bak det som er akseptabel standard i dag. No må Ap først sørga for å løfta dei områda som har det værst. No er det vanlege vegar sin tur.	Nasjonal Transportplan (NTP) - finansiering og prioritering av rassikring Rassikring av riks og fylkesveg må prioriterast på topp i komande nasjonale transportplan. Vestland Arbeiderparti meiner at løyyingane til rassikring i komande NTP må minimum doblast i første omgang.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
194	Stad Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Liv og helse må alltid prioritertas når det kjem til prioritering i vegsektoren. Skal ein halde oppe ein desentral struktur for innbyggjarar og bedrifter i distrikta, krevst det eit stort løft for fylkesvegane. Etterspelet på vedlikehald er stort, og fylkeskommunane er ikkje i nærheita av å klare å finansiere alle behov.	Staten må setje fylkeskommunane i betre stand til å vedlikehalde fylkesvegane og sikre rasutsette strekningar.	Oversendes redaksjonskomiteen	Samferdselspolitikk
195	Stad Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Stad skipstunnel er endeleg nær realisering når prosjektet blir sendt ut på anbod i 2024. Det politiske trykket må haldast opp heilt til endeleg oppstartsløye er gitt. Mest sannsynleg får ein inn anbod innanfor kostnadsramma Stortinget har vedtatt. Men om det viser seg at kostnaden går utover ramma, må ein likevel ha som mål å realisere prosjektet når saka då kjem tilbake til Stortinget. Stad skipstunnel er et svært viktig prosjekt, både for næringslivet, nærskipsfarten og ikkje minst for sikkerheit langs kysten. Heile landet er tent med ei sikker passering av Stadhavet for sjøfarten.	Regjeringa, med Arbeidarpartiet i spissen, må halde oppe trykket for å få realisert Stad skipstunnel.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
196	Stad Arbeiderparti	Kveldagsutfordringar:	<p>Arbeiderpartiet sentralt har fronta: «Binde landet sammen. Bygge ny vei og jernbane. Rassikring. Vedlikehold og oppgradering av eksisterende vei. Sikre industrien trygge ferdsselsårer» Vedteke KVU konsept B1 Rv15 Strynefjellet med arm til Geiranger oppfyller intensionane. «Binde landet sammen»: Rv15 er ferjefritt og kortaste samband aust/vest for heile regionen. Også til Trøndelag via E6 på Otta er Rv15 viktig. Arm til Geiranger opnar for heilårs turisme.</p> <p>«Rassikring»: Konsept B1 med arm til Geiranger ras-sikrar 30 raspunkt (13 pkt. på Rv 15 og 17 pkt. på arm til Geiranger) I dag er fv 63 til vanleg stengt austover til Breidalen i 7 mnd. «Sikre industrien trygge ferdsselsårer»: Tunnelane på Rv 15 Strynefjellet er i dag smale og lave og stettar heller ikkje krava i tunnellsikkerheitsforskrifta. Arma til Geiranger kan tilføre straum for det grøne skiftet, og trygger bygda og turistar med nødutgang for uforutsette hendingar og Åknes krisescenario. Rv 15 Måløy – Otta er i NTP omtala som «arm til E6» og er ein del av korridor 6, og eit viktig bindeledd mellom sjø og jernbane for godstransport. Både nærings- og kollektivtransport samt privatbilar må nytte andre og lengre transportetappar. Dagens strekning via Strynefjellet vert ikkje vurdert som ei sikker ferdsselsåre, eller vert stengt grunna ras eller rasfare. Eit vegnett som gir god regularitet, tryggleik, lågast mogleg transportkostnader og best miljø med innkorta avstand og redusert stigning frå 12 til under 5 % er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på Nordvestlandet. I tillegg vert trekkruter for villreinstamma sikra i det vedtekne konseptet. I Stortinget si handsaming av NTP 2022-2033 vart det tydelege flertiidsmerknader om forventa anleggstart i perioden 2022-2027. Rv 15 er det brei semje om i heile regionen og ingen debatt om traseaval. Stortinget la Rv15 konsept B1 med arm til Geiranger inn i Statens vegvesen si portefølje i Statsbudsjettet 2023. Men planarbeid og modning av prosjektet vert ikkje følgt opp. Våre veljarar undrar seg på kvifor våre sentrale politikarar ikkje leverer. Vestland Arbeidarparti ventar at konseptet vert innarbeid og fullfinansiert i Nasjonal Transportplan 2025-2036</p>	<p>Støtte til framlegg frå Stryn Ap: Rv15 (Konsept B1) ny Strynefjellstunnel med arm til Geiranger må sikrast fullfinansiering i NTP 2025-2036 med anleggstart i første 6 års periode. Planleggingsmidlar til Rv15 Konsept B1 må sikrast i Revidert Nasjonalbudsjett (RNB) 2024.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
197	Aurland Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Oppgradering av Lærdalstunnelen</p> <p>Det er eit statleg ansvar å sikra trafikantane og lokalsamfunna sin interesser i samband med oppgradering av Lærdalstunnelen.</p> <p>Aurland Arbeidarparti er særleg uroa over at ein legg opp til ei ordning utan ambulanse stasjonert i Aurland medan utbetringarsarbeidet pågår. Ein legg opp til å sleppa gjennom ambulanse og andre utrykkingskøyretøy frå Lærdal i akutt tilfelle det er på ingen måte tilfredsstillande. I praksis kan det ofte gå for lang tid før ein pasient får hjelp. Det vil òg setja stort press på den lokal legevakta og helsetenestene i Aurland. Det er dessverre ingen signal om statleg støtte til å erstatta den ordninga ein i dag har med interkommunalt samarbeid.</p> <p>Innbyggjarane i Aurland kan ikkje vente lenger på ei statleg avklaring av nødvendige tiltak. Dersom dette ikkje skjer, må ein sjå på andre løysingar som å byggja opp samarbeid retning Voss og Helse Bergen.</p> <p>Heile denne sakana viser at det manglar ein konsekvensutgreiing og at ein ikkje forstår infrastrukturen og mangelen på alternativer på vestlandet.</p>	<p>Aurland Arbeidarparti ber om at samferdsleminister Jon-Ivar Nygård i samråd med mellom anna helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol snarast kjem opp med avbøtande tiltak som tener trafikantane og sikrar tenester og tryggleik for innbyggjarane i Aurland og regionen.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
198	Ullensvang Arbeiderparti	Grøn omstilling:	Noreg har tre innanriksruter med fly som er blant dei 20 mest trafikkerte flystrekningane i Europa. Høgfartsbane vil kunne redusera behovet for flytrafikk vesentleg, og i tillegg redusera behovet for utvidingar av eksisterande flyplassar. Det bør derfor setjast av midlar til utgreining av eit høgfartsbanenett for tog i Noreg.	Høgfartsbaner i fleirbrukskonsept innfrir rammebetingelsane for NTP 2025 – 2036, kor samferdselsdepartementet har vektlagt tre rammebetingelser: Klimamål, energiknappheit og redusert statleg økonomisk handlingsrom. Dette er «call in» for høgfartsbanar i eit fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional- og godstrafikk. Utredninga til DBI viser at drift, vedlikehald og investeringar i høgfartsbaner i fleirbrukskonsept kan finansierast gjennom billett- og fraktnintekter. Eit nasjonalt nett av slike baner vil redusere klimagassutslipp med fleire millioner tonn årleg, og vil kunne redusere energibruken innen samferdsel med ca. 10 TWh årlig. Med ny teknologi i betongproduksjon vil CO2-avtrykket ved bygging av eit høgfartsbanenett verte vesentleg redusert. Det er på høg tid at dette får ei ny, grundig utgreining. Det vil ikke vere plass til nokon sterk auke av trafikken, då ein i dag har 90 % enkeltspora baner. Det er imidlertid verken mogleg eller hensiktsmessig å bygge dobbeltspor ved å legge eit nytt spor ved siden av det gamle. Det må byggast nytt, og då bør det byggast eit konkurransedyktig togtilbod. Skal folk og næringsliv velge tog, treng ein eit mer attraktivt tilbod enn fly og veg kan gje. Dette vil også kunne gjere jernbanedrifta i Norge langt meir lønsam.	Oversendes redaksjonskomiteen	Samferdselspolitikk
199	Høyanger Arbeiderparti	Anna tema:	Fylkestinget i Vestland fylkeskommune vedtok ny RTP 2022-33 i 2022. Vegstandarden på strekninga «Ljotebø Bru – Ulvåna» på FV 55 i Høyanger kommune er svært dårlig. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Høyanger kommune har ved fleire høve spelt inn at vegeigar Vestland Fylkeskommune må sjå på måten dei planlegg og gjennomfører utbetringer i fylkesvegnettet. Etterslepet og behovet er «uendeleg» - særleg sett opp mot dei økonomiske rammer fylket har til vegar. Høyanger AP meiner tida er komen for å gjennomføre utbetringer etter ein anna vegnormal («dreiebok») i fylkesvegnettet enn for riks- og europavegar. Vestland fylke kan fråvike vegnormalen der det er tenleg økonomisk, og ikkje medfører fare for trafikantane. Høyanger AP registrerer med glede at fylkeskommunen jobbar målretta med ny veg frå Ljotebø bru til Ulvåna. Deira mål er at Høyanger kommune skal få oversendt traseaval og anna relevant info slik at vi kan starte ein reguléringsplanprosess i løpet av 2024. Deira målsetning er at strekninga skal få si første startløying i 2025, og at arbeidet skal vere ferdig i 2028. Høyanger AP krev at politikarane i Vestland fylke følger opp vegadministrasjonen sitt arbeid og prioritær denne strekninga i gjeldande RTP.	RTP 2022-2033 – MIDLAR TIL UTBETRING AV FV 55 «LJOTEBØ BRU – ULVÅNA»	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
200	Høyanger Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Den raudgrøne regjeringa har annonserat i løpet av inneverande Stortingsperiode skal ferjeprisane bli lågare, og til slutt bli gratis for dei sambanda som har mindre enn 100.000 passasjerar i løpet av eit år. Vestland Fylke har i utgangspunktet ikkje definert « MS Tansøy» som ferje, men som bilførande hurtigbåt. No er dette ordna etter påtrykk frå kommune, og fylkeskommune.</p> <p>Ferjeprisar er viktige for oss på Vestlandet, som er eit typisk ferjefylke. Det er også her mykje av verdiskapinga til nasjonen vert skapt, så det skulle berre mangle at ferjesambanda som folk er heilt avhengige av skal bli billigare å bruke!</p> <p>Ferjeprisane er blitt sett ned på sambandet Ortevik – Nordeide. Det er viktig. MS Tansøy kører i eit område utan eit reelt alternativ, der t.d. folk i Ortevik har 22 mil tur / retur for å kome til komunesenteret. Også reisande til Måren er heilt avhengige av denne bilførande hurtigbåten.</p> <p>For Høyanger kommune, som er delt av Sognefjorden, er det også slik at den nye raske båten har gjort at den opplevde avstanden mellom nord- og sørsida i kommune har vorte kortare. Kommunen er no tettare knytt saman enn nokon gong.</p> <p>Vi vil jobbe vidare for at ferja skal bli gratis, og for å auke frekvensen på avgangane, slik at dei vert enno meir tilpassa jobb og kveldsaktivitetar på både sider av fjorden. Dette for å sikre eit inkluderande samfunn for både barn og vaksne i heile kommunen.</p>	<p>FERJESAMBANDET «NORDEIDE – ORTNEVIK» MÅ OGSÅ BLI GRATIS I LØPET AV STORTINGSPERIODEN 2021-25</p>	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
201	Høyanger Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Stortinget vedtok sommaren 2021 ny NTP for åra 2022-2033. I dette dokumentet datt strekninga «Bogen – Sunnfjord grense» ut som prioritert prosjekt i planen.</p> <p>Vegstandarden på strekninga «Bogen – Sunnfjord Grense» på E 39 gjennom Høyanger kommune er skremmande dårlig. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nytta seg av vegen.</p> <p>Stamvegutvalet for E 39 har over tid arbeida målretta for å få til «gul midstripe» frå Hordaland Grense til Skei. Stamvegutvalet har samråystes flytta tunnelen forbi Vadheim bak ny tunnel gjennom Hafstadfjellet slik at vi unngår den bratte, smale og svingete E 39 traseen gjennom Halbrendslia. Dette kortar inn tur til Førde for køyrande sør for Førde med mellom 10-15 minutt.</p> <p>Før eit vegprosjekt kan kome i posisjon til å få konkrete løysingar, må styresmaktene tilføre prosjektet planleggingsmidlar via Statens vegvesen.</p> <p>Høyanger kommune har gjort sin del av jobben, då kommunedelplanen for strekninga er vedteken i kommunestyret. Vi har og gjort ferdig reguleringsplan for området.</p> <p>Statens vegvesen har justert ned kostnadsramma med 200 mill. kr. i prosjekter med å ta vekk eit «påkøyringsfelt» vestover frå Vadheim.</p> <p>Høyanger AP krev at denne strekninga vert igjen vert prioritert for tildeling av planleggings-midlar i neste NTP.</p>	<p>E 39 «BOGEN – SUNNFJORD GRENSE» MÅ TILBAKE I NTP</p>	<p>Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere rep skap med NTP som tema</p>	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
202	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	I dag går E39 gjennom Førde sentrum. Vidare går E39 opp Halbrendslia mot Bergen. Vegen opp Halbrendslia er smal, svingete, bratt og utsett for ulykker. E39 gjennom Førde i dag er ikkje verdig standard for ein europaveg. Det hastar å få på plass løysingar for opprustinga av E39 forbi Førde. Derfor må E39 og Hafstadfjelltunnelen inn i kommande NTP og finansiering må inn i statsbudsjettet for 2025.	E39 forbi Førde Sunnfjord Arbeidarparti krev at E39 forbi Førde vert med i kommande NTP og finansiert gjennom statsbudsjettet for 2025	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
203	Sunnfjord Arbeiderparti	Anna tema:	Rv5 er ein av dei mest rasutsatte vegstrekningane på rute 5C. (Oslo Lærdal Flør - Oslo Lærdal Bergen) Skredvika mellom Naustdal og Erdal har skredfaktor 5,3. Dette medfører at vegen forbi Skredvika ligg på sjuande plass på Vestlandet. Tal viser at steinnesfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna klimaendring og nedbør. Skredfaktor er nakne tal. Den uttrygge følelsen og påkjenninga folk sitter med når ein køyrer i rasområdet, den uttrygge følelsen dei som sitter heime og veit at nokon av sine nærmaste køyrer i rasområdet, kan ikkje målast i ein skala. RV5 mellom Erdal og Naustdal har ferdig kommunedelplan. Det hastar å få skredsikra RV5 mellom Erdal og Naustdal, difor må finansiering på plass for å ferdigstille planane for ny tunnel.	Rv5 Førde- Naustdal Sunnfjord Arbeidarparti krev at skredsikring av Rv 5 mellom Naustdal og Førde får finansiering til vidare planlegging og at RV5 vert prioritert rassikringsprosjekt i kommande NTP.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
204	Voss Arbeiderparti		Prosjektet K5 er prioritert på topp av Vestland fylkeskommune gjennom innspeil til NTP. K5 er allereie i gang med grunnerverv av eigedomar i Vaksdal kommune, og BKK har laga utsleppsfree anleggsplassar. Prosjektet er klart for oppstart, og regjeringa bør legge til rette for investeringsbeslutning i 2024.	Prioritering av K5 i Nasjonal transportplan I vår skal ny Nasjonal transportplan (NTP) handsamast i Stortinget. Voss Ap meiner ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5) må ha ei klar prioritering i den nye NTP. Denne rasutsette strekninga må bli trygg, og me må satsa på jernbanen, som også er ein del av det grøne skiftet. Bu og arbeidsregionen rundt Bergen vert med ei slik satsing utvida austover, og vekk frå pressområde i Bergen.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
205	Voss Arbeiderparti		For å nå klimamåla er det naudsynt at fleire vél offentleg transport, også i distrikta, men dagens kollektivtilbod gjer at færre vél kollektivtransport. Behovet for betre kollektivtilbod i distrikta er stort. Tilbodet ettermiddag, kveld og helg er spesielt dårlig. Ordningar som digital bestillingstransport bør koma i stand fleire stader, då denne ordninga no berre gjeld for utvalgte ruter.  Eit dårlig offentleg transporttilbod er dessutan, saman med utgifter til alternativ transport, ein barriere for born og unge si deltaking i fritidsaktivitetar. Både ALLEMED og Redd barna har publisert rapportar som syner at eit velfungerande kollektivtilbod er avgjeraande for at born og unge får ein reell moglegheit til å delta.	Kollektivtransport i distrikta: 1) Det er naudsynt å utvida ordninga med digital bestillingstransport, i samarbeid med kommunane, og i større grad tilpassa dagens ruter til arbeidstider og andre kollektivtilbod, som tog. 2) Ungdomskortet som i dag gjeld for ungdom i alderen 16-20 år, bør utvidast til også å gjelda frå starten på ungdomskulen (dvs. frå 12 år). 3) Tilbodet om skuleskess som gjeld for tur-retur heim-skule (ein gong pr. dag i eit gitt tidsrom) bør utvidast til to gonger pr. dag, slik at den også kan gjelda for transport tur-retur til fritidsaktivitetar (med buss/tog). Ordninga må ta omsyn til born som har to bustadadresser.	Oversendes fylkestingsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
206	Kinn Arbeiderparti	Anna tema:	Regional infrastruktur	<p>Kystvegen må byggast - straks</p> <p>I lengre tid har det vore arbeidd målbevisst for å få bygt ein moderne veg frå Måløy via Svelgen til Florø. Det har vore svært sterkt tilslutning til prosjektet frå privatpersonar og næringsaktørar i området. Kommunar langs kysten, frå Sogn til Sunnmøre, har også gitt sterkt tilslutning til opplegget.</p> <p>Dersom næringslivet i den nordre delen av Vestland fylke skal få utvikle seg og vere konkurransedyktig, må vegstandarden bli langt betre. I dag er vegen og ferjesambandet mellom dei nemnde sentra ein stor hemsko for transporten av varer og tenester. Reisetida blir unødig lang, og kostnadene dermed for høge. For eit dynamisk næringsliv er dette ein tilstand som ein ikkje lenger kan leve med. Eksisterande bedrifter og næringsaktørar som har store planar om å etablere seg i området, etterlyser vilje til å komme i gang med anleggssarbeidet.</p> <p>Privatpersonar som trafikkerer den noverande vegen og ferjestrekninga Oldeide – Måløy understrekar sterkt dei same argumenta som næringslivsrepresentantar målber. Dessutan er standarden på den noverande vegen så låg at den mange stader er ein trussel mot trafikksikkerheten. Miljøomsyn tilseier også at vegen må bli moderne slik at den stettar dei krava som vegstyrresmakten elles legg til grunn.</p> <p>Ein ny kystveg er avgjerande for å skape eitt bu- og arbeidsområde i den nordlege delen av fylket. Blir den bygd, legge ein grunnlag for at både næringslivet og offentleg sektor lettare kan skaffe seg kvalifisert arbeidskraft, noko som ein i mange tilfelle slit med i dag. Ulepene for dei reisande vil bli langt mindre med ein ny vegstandard.</p> <p>Ein moderne kystveg vil binde saman kommunane på kysten av det nordlege Vestland fylke på ein heilt annan og betre måte enn i dag. Det vil medverke til at det blir langt meir attraktivt for dei som vurderer å slå seg til i området.</p> <p>Kystvegen mellom Måløy og Florø er ein føresetnad for å få til vekst i</p>	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
207	Stord Arbeiderparti	Anna tema:	<p>E39 ÅDLAND-SVEGATJØRN MÅ PRIORITERAST I NY NTP</p> <p>Regjeringa har vedteke å rullera Nasjonal transportplan (NTP) i 2024, eitt år før planen. Bakgrunnen er kostnadsvekst og endra økonomiske rammer, og eit mål om å laga ein realistisk plan som kan fungera som eit reelt styringsdokument.</p> <p>Med strammare rammer vert det desto viktigare å prioritera dei beste prosjekta; dvs. prosjekt som har god samfunnsøkonomi, byggjer sterke og attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar, og legg til rette for omstilling og verdiskaping i næringslivet. E39 Åland-Svegatjørn er eitt av dei mest samfunnsøkonomisk lønsame prosjekta i landet. M.a. fordi prosjektet gjev stor reisetidsreduksjon (reisetida Bergen-Stord vert redusert frå 2 t til 45 min), avløyer tre dyre ferjesamband og i stor grad er bompengefinsanert (16 mrd kr som ikkje kan nyttast andre stader). E39 Åland-Svegatjørn er eit avgjerande viktig prosjekt for å knyta vestlandsregionen saman og leggia til rette for omstilling og framtidig verdiskaping i det som er Norges fremste eksportregion.</p> <p>Saman med Rogfast vil prosjektet redusera reisetida mellom Bergen og Stavanger, dei to nest største byregionane i landet, frå fem timer i dag til to timer. Slik vil om lag ein million menneske, og nokon av landets sterkeste kompetanse- og industriregionar, verta knytt saman i samanhengande bu- og arbeidsmarknader.</p> <p>Rogfast er påbegynt og skal stå ferdig i 2033/34. Det vil gje ei reisetid mellom Leirvik og Stavanger sentrum på 1 t 15 min, på ferjefri og døgnopen veg. Om ikkje E39 Åland-Svegatjørn vert ferdigstilt om lag samstundes som Rogfast, vil det skapa store endringar i vestlandsregionen. Sunnhordland og Hordalandet vert knytt endå sterkeare til Stavanger/Sandnes-regionen, som vil styrkast på kostnad av Bergen. Vestlandsregionen vert delt i to, noko som vil vera svært uheldig for den vidare utviklinga til regionen som heilskap. Planprogrammet for E39 Åland-Svegatjørn er vedteke, og ein er no i sluttfasen av arbeidet med reguleringsplanen. Det er gjort ein god</p>	E39 Åland-Svegatjørn må prioriterast i ny NTP med oppstart i 2026.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
208	Kvinnherad Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	<p>Snøggbåtane er sjølve navet for effektiv kollektivtrafikk i fleire distriktskommunar. Snøggbåtrute gjer det mulig å bu i fleire distriktskommunar og samtidig arbeida i Bergen. Dagens prisnivå er i midlertid eit problem som gjer pendling mindre attraktivt og på denne måten svekkar distrikta. Priseksempel:</p> <p>Bergen-Sunde, frå 453 til 580 kroner for enkeltbillett, og frå 680 til 870 for tur/retur.</p> <p>Bergen-Rosendal, Frå 439 til 496 kroner for enkeltbillett, og 659 til 744 for tur/retur.</p> <p>Desse prisane er usosiale, førar til meir bilkøyring og er därleg distriktpolitikk</p>	Prisen for lange snøggbåtruter i distrikta skal reduserast.	Oversendes fylkestingsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
209	Masfjorden Arbeiderparti	Anna tema:	Realisering av Masfjordsambandet Ferjeavløysingsprosjektet Masfjordsambandet er eit tilnærma fullfinansiert prosjekt med statlege midlar i 34 år, forutan rente og finanskostnad, og fekk eit politisk løft i realiseringa av prosjektet med 40 mill. i økonomiplanen for 2024 – 2027. Dette er Masfjorden Ap særdeles nögd med, og takkar fylkestingsgruppa for endeleg å løfte prosjektet fram. Prosjektet må likevel gjevest fornya politisk støtte framover for å få nødvendig framdrift, nødvendige økonomiske garantiar, og sikre rentekompensasjon ved ferdigstilling innan 2027.	Masfjordsambandet må gjevest nødvendige garantiar for realisering av prosjektet, slik at ferjeavløysingsmidlane og rentekompensasjonsordninga i den samanheng vert ein del av den økonomiske løysinga for Vestland fylkeskommune.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
210	Kvinnherad Arbeiderparti	Anna tema:	Stortinget har vedteke ei definering av ferjeavløysingsordninga som skal gjera det mogleg å realisere Fjelbergsambandet AS. Grunnlaget for reguleringsplan, planforslaget til bru for Fjelbergøyane er sendt politisk behandling og må følgjast opp frå kommune og fylkeskommune i den viktige fasen planen er no og fram til realisering.	Kvinnherad Arbeidsparti vil intensivera arbeidet for å realisere veg -og bruløsing til Fjelbergøyane.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
211	Kvinnherad Arbeiderparti	Anna tema:	Sunnfast er eit ferjeavløysingsprosjekt mellom Kvinnherad og Stord som vil gjera vegen mellom Husnes og Leirvik ferjefri, i tillegg til å knytte Huglo saman med Tysnes og Kvinnherad. Med Sunnfast blir reisetida mellom Husnes og Leirvik redusert frå 85 til 22 minutt, i tillegg vil vegen vera døgnopen. Vestland Arbeiderparti må arbeida for å realisera eit framtidsretta ferjefritt samband mellom Kvinnherad og Stord med god tilknyting både til nye E 39 og internt i Sunnhordland. Det er svært viktig for denne bu-og arbeidsregionen at kommunane vert knyta tettare saman. Eit godt samband mellom Kvinnherad og Stord vil vidareutvikla store regionale funksjonar og vil bl.a. styrka utviklinga i kommune og regionsenter. Stord, Tysnes og Kvinnherad kommune står sammen om å realisera Sunnfast- det mest framtidsretta sambandet for regionen.	Sunnfast-forbindelse knyter kommunane i Sunnhordland saman og gjev befolkning og næringsliv i Kvinnherad redusert reisetid til Bergen og Haugesund.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
212	Kvinnherad Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Snøggbåtane er sjølve navet for effektiv kollektivtrafikk i fleire distriktskommunar. Snøggbåtrutene gjer det mulig å bu i fleire distriktskommunar og samtidig arbeida i Bergen. Dagens prisnivå er i midlertid eit problem som gjer pendling mindre attraktivt og på denne måten svekkar distrikta. Priseksempel: Bergen-Sunde, frå 453 til 580 kroner for enkeltbillett, og frå 680 til 870 for tur/retur. Bergen-Rosendal, Frå 439 til 496 kroner for enkeltbillett, og 659 til 744 for tur/retur. Desse prisane er usosiale, førar til meir bilkøyring og er dårlig distriktpolitikk	Prisen for lange snøggbåtruter i distrikta skal reduserast.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
213	Kvinnherad Arbeiderparti	Anna tema:	Vegstrekka Mundheim – Holdhus er ein av hovudvegane inn mot Bergen for store deler av Kvinnherad , deler av Kvam og i tillegg ein del trafikk frå Ullensvang. Trafikken vil auka når opprustinga av vegstrekka Årsnes-Austrepollen er ferdig.	Kvinnherad Arbeidsparti ønskjer prioritering av opprusting/utbetring på fylkesvegstrekka Mundheim – Holdhus.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
214	Kvinnherad Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Kostnadene på drift og vedlikehaldskontraktar innanfor fylkesvegar har auka meir enn generell prisauken. I tillegg aukar etterslepet dag for dag. Mykje ressursar går til kontroll, oppfølging og tilsyn med utførande entreprenør. Oftast dobbel administrasjon, enormt mykje dokumentasjon og lite praktiske gode løysingar.</p> <p>I tillegg blir vegfarande hardt råka Dei brukar mykje tid inn mot vegsentralen for varsling av sviktande vedlikehald. Oftast med stor frustrasjon då det ikkje blir oppfølgd. Også stor silitasje og skade på køyretøy. Det er også pengar å spara for kontraktør, dersom ein strekkjer seg med å ikkje ha ein god service og oppfølging av kontrakten</p> <p>Yrkesstolthet og faget er også taparar.</p>	Kvinnherad Arbeidarparti ønskjer at det blir gjennomført eit prøveprosjekt for driftskontrakt innanfor fylkesvegvedlikehald der vedlikehald blir drifta i fylkeskommunal regi.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
215	Kvinnherad Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Det er i dag eit stort etterslep på vedlikehald av fylkesvegar inkl. rassikring. Ei kartlegging frå Rådgivande Ingeniørers Forening visar at etterslepet i Noreg er på nærmare 700 milliardar kroner pr. 2023, dette inkluderar oppgradering av fylkesvegar til å tilfredsstilla dagens krav og standard for veg. Ei kartlegging frå Statens Vegvesen frå 2022 peiker på eit etterslep på nærmare 100 milliardar kroner (for å få vegane opp til den standard dei var ved byggetidspunktet).</p> <p>Samtidig vert det berre øyremerka 0,4 milliardar i statlege løypingar til etterslep for fylkesvegane i Noreg.</p> <p>Problema med vedlikehald av vegane skaut for alvor fart i 2010, då ei rekke riksvegar via vegreforma, vart omgjort til fylkesvegar. Fylka har ikkje fått tilstrekkelege midlar frå Staten til å oppretthalda godt vedlikehald av desse, og arva eit stort vedlikehaldsetterslep. Dei manglande midlane til vegvedlikehald vert vidare akkumulert år for år, og er blitt på eit uhandterleg nivå for fylkeskommunane.</p> <p>Midlar til vegvedlikehald bør difor aukast, øyremerkast og haldast separat frå store, overordna vegprosjekt for framtida.</p>	<p>Etterslep og rassikring fylkesvegar: Dei øyremerka statlege midlane for å dekka etterslepet til fylkesvegar og rassikring i landet vårt skal aukast betrakteleg. Det skal minimum øyremerkast midlar som tek høgde på å få inndecca det direkte etterslepet som vert peika på av Statens Vegvesen for vedlikehald av fylkesvegane våre innom 10 år.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere rep skap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
216	Lærdal Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Ei viktig sak for heile indre sogn, og ei sak me treng stor slagkraft for å ha noko påvirkningskraft.	<p>Resolusjon Lærdal sjukehus</p> <p>I programmet til Lærdal Arbeiderparti står det under satsingsområde og målsetjing: Lærdal sjukehus skal vere ein del av desentralisert sjukehusstruktur-styrking av tilbod lokalt.</p> <p>Arbeide for smidige ordningar i høve samarbeidet kommune/spesialisthelseteneste/Sogn Lms, særleg i høve tunnellstenginga. Lærdal sjukehus er eit lokalsjukehus for Indre Sogn som har om lag 27.000 innbyggjarar. Sjukehuset er ein del av utdanningsinstitusjonen Helse Førde, for leiar i spesialisering, sjukpleiarar og helsefagarbeidarar. Sjukehuset har ortopedisk avdeling med skadepoliklinikk, medisinsk avdeling med akuttfunksjon. Poliklinikkar er hjarte, mage-tarm, infusjons-kreft. To gonger i året er det tilbod om kurs for diabetes og kols pasientar.</p> <p>Det har og dialyseavdeling for pasientar frå området, og tek i tillegg imot gjestedialysepasientar. «God start» avdelinga er eit tilbod for barselvinner i Indre Sogn. Dei har døgnvakt og følgjeteneste for fødande.</p> <p>Sjukehuset har röntgen avdeling med CT og MR maskiner.</p> <p>Medisinsk avdeling driftar 2 KAD senger for kommunane Årdal, Aurland og Lærdal. Sogn lokalmedisinske senter med legevakt held til på sjukehuset.</p> <p>Lærdal Arbeiderparti ser at Lærdal sjukehus har ein særlig viktig og heilt nødvendig funksjon for heile Indre Sogn. Framtidig utvikling og busetjing i regionen krev at vi har tilgang på medisinske akuttfunksjonar samt støttefunksjonar for alvorleg kronisk behandlingskrevjande pasientar. Den komande tunnellstenginga vil by på utfordringar for kommunane og sjukehuset. Heile Indre Sogn er eit arbeidsfellesskap. Tunnellstenginga må sikre fri ferdsel for 3 skiftsordninga.</p> <p>Nødvendig transport med ambulanse (vestover til Voss og HUS) må sikrast framkomst gjennom smidige ordningar for gjennomkjøring i tunnelen sine stengde periodar. Ved akuttoppdrag i stengingsperioden må det vere etablert rutinar for direkte kommunikasjon sprengingsledelse-AMK.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
217	Stryn Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Næringsutvikling; arbeidsplasser skapt av næringslivet og bulyst i heile Norge er avhengig av trygge og effektive transportårer med tilnærma 100 % regularitet i heile landet. Eit vegnett som gir god regularitet, trygg veg, lågast mogleg transportkostnader og best miljø er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på Nordvestlandet.</p> <p>Vestland Arbeidarparti viser til den særsviktige funksjon som Rv 15 har i dag som aust/vest samband for næringslivet i regionen. Sambandet har spesielt stort innslag av tungtrafikk, som tener næringslivet i regionane på begge sider av fjellet. Opprustinga av E6 gjennom Gudbrandsdalen styrkar RV 15 som trafikkrute både til Austlandet og Trøndelag. Mykje av trafikken på FV 60 føl og også RV 15 over Strynefjellet. Rv 15 er det brei semje om lokalt i regionen og ingen debatt om traseaval. Heile traseen går i tunnel mellom Stryn og Skjåk. Rv 15 er raskaste vegen til Oslo og Trondheim for mange viktige bedrifter på Nordvestlandet. Grunna stigning og smale / lage tunnellar på Rv 15 Strynefjellet, samt stengd veg på grunn av ras og rasfare, må mange velje andre og lengre transportetappar. RV 15 er viktig bindledd mellom sjø og jernbane for godstransport. Alle tre fylka som soknar til RV 15, Statens Vegvesen, Sjømat Norge, LO Søre Sunnmøre, NHO og Norsk Industri, har alle tilrådd konsept B1 som permanent skredssikringstiltak. Konseptvalet er gjort sommaren 2018. Difor er det no viktig å prioritere prosjektet i neste revisjon av NTP 2025 - 2036.</p> <p>RV 15 Måløy – Otta er i NTP omtala som «arm til E6» og er ein del av korridor 6.</p>	<p>Infrastruktur.</p> <p>Tittel: RV 15 Måløy – Otta. Ny lang tunnel på Strynefjellet må prioriterast i neste NTP.</p> <p>Fra: Stryn AP, Stad AP, Gloppen AP Kinn AP, Bremanger AP</p> <p>Forslag:</p> <p>Rv15. Ny Strynefjellstunnel må sikrast fullfinansiering i NTP 2025-2036.</p> <p>I budsjettet for 2023 la Regjering og Storting vedteke konsept for ny RV15 Strynefjellstunnel (konsept B1 med arm til Geiranger) inn i Statens vegvesen si portefølje. Vestland Arbeidarparti ventar at konseptet vert innarbeid og fullfinansiert i Nasjonal Transportplan ved komande rullering, som ei framtidssrettet løysing med 100 % regularitet, som eliminerer alle 13 skredussette parti, er miljøvenleg ved å redusere stigninga frå 12 % til under 5 %, og sikrar trekkruta i kalveområde for villrein.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
218	Austevoll Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Laurdagar er det berre ei ferje som går i sambandet Krokeide – Hufthamar. I vinterhalvåret frå 1.nov til 1. april gjeld dette også om søndagar. Det inneber at det er 90 minuttar mellom kvar ferjeavgang.</p> <p>Det er stor trafikk på sambanda også i helgene, næringslivstransport, barn skal spela kampar og delta på turneringar, mange reisande til fritidsbustader i Austevoll og austevollingar som skal til fastlandet i ulike ærend . Ekstra stor trafikk blir det når det er større arrangement enten i Austevoll eller på fastlandet.</p> <p>Det har vist seg ved fleire høye at ei ferje ikkje greier å ta unna trafikken og det betyr 90 min ventetid for dei som ikkje får plass. Det kan bety at ein ikkje rekk fram i tide til turneringar, fly og togreiser osv. Nitti minutt ventetid er altfor lang tid for næringslivstransport, for dei som skal rekke jobb, fly, tog og for dei som har bilen full av idrettsungdom og barn. Fare for å venta så lenge på neste avgang kan også medføre at stressa sjåførar tar for store sjansar i trafikken for å rekke ferja</p> <p>Ferje nr to legg ved kai i helgene og kan lett setjast i rute dersom det blir sett av midlar til bemanning.</p>	Auka frekvens på ferjesambandet Krokeide – Hufthamar ved å setje inn ferje to også i helgene, og halvere ventetida frå 90 min til 45 min .	Oversendes fylkestingsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
219	Austevoll Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	<p>Fylkesvegen har därleg standard mange stader i fylket. I Austevoll er det nokre stader er farleg for skulelever og andre mjuke trafikantar å ferdast. Dette medfører auka biltrafikk rundt opningstider til skule og arbeid, som igjen aukar faren ytterlegare.</p> <p>Næringslivet lir under därleg vegstandard og på dei mest trafikkerte stadene oppstår det dagleg kork, fordi fylkesvegen er for smal til at to bilar kan passerast. Slike korkar er ei ulempe for alle trafikantar men særleg krevjande for bussar og store trailerar. Dei fører også tidstop som stressar sjåførar som gjerne skal rekke ein ferjeavgang.</p> <p>Det finst også fleire eksempel på stader der fleire bilar har hamna i grøfta. Her kunne ein enkelt punktutbetre ved å fylle masse i grøftene der det er høge asfaltkantar og smal vegbane.</p>	Sentrale fylkesveier må oppgraderast, og gang/ sykkelvegar må på plass i sentrale bygde område for å sikre trygge skulevegar og løyse unødige hindre for næringslivet. Fylkesvegstandart er ei utfordring i heile fylket og ein bør difor utfordra Ap sentralt til å gje ekstra tilskott til vegutbetring i distrikta.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
220	Austevoll Arbeiderparti	Eit samfunn med små forskjeller:	<p>Siste ferjeavgang i sør frå Sandvikvåg går klokka 2050. Laurdag er siste avgang 1955. I nord Krokeide -Hufthammer siste ferje frå fastlandet 23 20 og 21.40 laurdagar. Det betyr at vi har nattestengd i 9,5 timer i sør og 7 timer i nord året rundt. Noko som er ei stor ulempe for næringsliv, pendlarar , innbyggjarar og turistar.</p>	Utvide opningstidene på ferjesambanda Hufthamar -Krokeide og Husavik - Sandvikvåg med seinare avganger på kveldstid og tidelegare på morgonen frå Austevoll.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
221	Gloppen Arbeiderparti	Anna tema:		<p>Fråsregn frå Gloppen Arbeidarparti til årsmøtet i Vestland Arbeidarparti 2024</p> <p><b>INFRASTRUKTUR</b></p> <p>1. Bygg godt nok - prioritert kvardagsvegane</p> <p>Utbygging av infrastruktur må gjennomførast på ein måte som gjev mest mogeleg ighjen for pengane.</p> <p>Det trengs derfor ein ny norm for bygging av motorvegar i Norge. Det bør planleggjast/settast av areal og byggast to- og trefelts vegar der det i dag er krav om firefelts motorveg. Og dimensjonerande fart må bli redusert frå 110 til 90 kilometer i timen. Det vi ta betre vare på matjorda, naturen vår og det gjev utbyggjarar mogelegheit til å bygge billigere. Denne nye normen er basert på fagleg begrunna forslag fra Statens vegvesen og vil ikkje bidra til å redusere trafiksikkerheit. Den eksisterende veinorma har vore råflott, for ekspansiv og altfor kostbar.</p> <p>Å sikre tryggleik for dei mijuke trafikantane er ei stor utfordring, for heile landet. Vegane går ofte rett gjennom jordbruksareal og folk kjänner seg utrygge på grunn av stor trafikk og mange avkjørsler, delvis uoversiktlege og svingete vegar, sjølv om standarden ellers er god. Det er utfordringar særskilt med omsyn på landbrukstrafikk og forbikøyringar.</p> <p>Vestland Arbeidarparti ber om at det vert lagt inn nye midlar i NTP til gang- og sykkelvegar i distrikts-Noreg, med mål om trygg skuleveg for alle born som kan gå/sykle til skulen som fyrsteprioritet.</p> <p>Arbeiderpartiet har programfesta at vi vil prioritere vedlikehald og skredsikring av riks- og fylkesveger, prioritere større satsning på trafikktryggleik, gang- og sykkelveger, og at vi tar betre vare på det vi har.</p> <p>Vestland Arbeidarparti ventar at desse målsettingane får konsekvensar for prioriteringane i Nasjonal Transportplan 2025-2036.</p> <p>Eit godt døme på at det er mogeleg å bygge «godt nok» er nye E16 gjennom</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
222	Vaksdal Arbeiderparti	Anna tema:	Prosjektet K5 har høgast prioritet frå Vestland Fylkeskommune. Lovnader frå valkampen om at ein ønskjer K5 bygd må følgjast opp. Prosjektet har innløyst mange bustader i Vaksdal kommune. Det er viktig at arbeidet held fram. Ein stopp i prosjektet vil gje svært negative signal til innbyggjarane. Det er viktig at organisasjonen som planlegg ikkje vert bygd ned, men at ein har framdrift og byrarar planarbeidet for strekkja Stanghelle-Voss.	Vestland Arbeiderparti krev at finansiering av Arna-Stanghelle og videre planlegging av strekkja Stanghelle-Voss kjem på plass raskt, og seinast i statsbudsjettet for 2025.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
223	Bremanger Arbeidarparti	Anna tema:	Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus stod som den høgst prioriterte fylkesvegutbygging i gamle Sogn og Fjordane sin RTP. Vegen er næringsåra på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik fiskefarm med fleire er avhengige av for inn, og utfraking av råstoff og ferdigvarer. Vegen er også viktig i arbeidet med utviding av bu- og arbeidsområdet i regionen. Med det planforslaget som ligg føre, blir strekninga korta ned frå 16 til 7,2 km, med fire tunnelar. Ein på 5,1 km, og tre kortare på under 500 meter. Det er uvanleg at vegprosjekt gir så store innkortingar i avstand og tidsbruk som Svelgen-Indrehus. Fylkesvegen er i dag av så dårlig standard at den er til stor fare for tryggleik, miljø og sikkerheit for alle som ferdist her. Vestland Arbeidarparti skal arbeide for fortgang i utbygging av Svelgen – Indrehus.	Bremanger Arbeidarparti meiner at det må sikrast oppstart og framskudding av Svelgen – Indrehus. Vi foreslår å starte med vegsamarbeidet via den planlagde rundkjøringa på Rise med tunnel gjennom Kruna, køyrebru over Riseelva og innkopling på vegoppstigninga mot Ålfoten og Bortnen.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
224	Bremanger Arbeidarparti	Anna tema:	<p>Arbeiderpartiet sentralt har fronta: «Binde landet sammen. Bygge ny vei og jernbane. Rassikring. Vedlikehold og oppgradering av eksisterende vei. Sikre industrien trygge ferdsselsårer». Vedteke KVU konsept B1 Rv15 Strynefjellet med arm til Geiranger oppfyller intensjonane.«Binde landet sammen»: Rv15 er ferjefritt og kortaste samband aust/vest for heile regionen. Også til Trøndelag via E6 på Otta er Rv15 viktig. Arm til Geiranger opnar for heilårs turisme.</p> <p>«Rassikring»: Konsept B1 med arm til Geiranger ras-sikrar 30 raspunkt (13 pkt. på Rv 15 og 17 pkt. på arm til Geiranger) I dag er fv 63 til vanleg stengt austover til Breidalen i 7 mnd. «Sikre industrien trygge ferdsselsårer»: Tunnelane på Rv 15 Strynefjellet er i dag smale og lave og stettar heller ikkje krava i tunnellsikkerheitsforskrifta. Arma til Geiranger kan tilføre straum for det grøne skiftet, og trygger bygda og turistar med nødutgang for uforutsette hendingar og Åknes krisescenario. Rv 15 Måløy – Otta er i NTP omtala som «arm til E6» og er ein del av korridor 6, og eit viktig bindeledd mellom sjø og jernbane for godstransport. Både nærings- og kollektivtransport samt privatbilar må nytte andre og lengre transportetappar. Dagens strekning via Strynefjellet vert ikkje vurdert som ei sikker ferdsselsåre, eller vert stengt grunna ras eller rasfare. Eit vegnett som gir god regularitet, tryggleik, lågast mogleg transportkostnader og best miljø med innkorta avstand og redusert stigning frå 12 til under 5 % er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på Nordvestlandet. I tillegg vert trekkruter for villreinstamma sikra i det vedtekne konseptet. I Stortinget si handsaming av NTP 2022-2033 vart det tydelege flertiadsmerknader om forventa anleggstart i perioden 2022-2027. Rv 15 er det brei semje om i heile regionen og ingen debatt om traseaval. Stortinget la Rv15 konsept B1 med arm til Geiranger inn i Statens vegvesen si portefølje i Statsbudsjettet 2023. Men planarbeid og modning av prosjektet vert ikkje følgt opp. Våre veljarar undrar seg på kvifor våre sentrale politikarar ikkje leverer. Vestland Arbeidarparti ventar at konseptet vert innarbeid og fullfinansiert i Nasjonal Transportplan 2025-2036.</p>	<p>Ny tunnel på Strynefjellet med arm til Geiranger må prioriterast i NTP 2025-2036. Rv15 (Konsept B1) ny Strynefjellstunnel med arm til Geiranger må sikrast fullfinansiering i NTP 2025-2036 med anleggstart i første 6 års periode. Planleggingsmidlar til Rv15 Konsept B1 må sikrast i Revidert Nasjonalbudsjett (RNB) 2024.</p>	<p>Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema</p>	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
225	Arbeiderpartiet i Bergen		<p>Tiltakspakke for elektrifisering av fergesamband må på plass nå</p> <p>Begrunnelse: Regjeringen vurderer å fremskynde forskrift om nullutslippskrav til ferjer og hurtigbåter til å gjelde fra 2024. Dette i tråd med varslet politikk i Meld. St. 13, 2020-2021 Klimaplan 2021-2030 og Hurdalsplattformen. Kravet skal føre til ytterligere innfasing av nullutslippsløsninger i ferjer og hurtigbåter, og vil bidra til oppnåelsen av de norske klimamålene. Vestland fylkeskommune drifter hele 17 fergesamband og 10 båtruter der de fleste kontraktene går ut de kommende årene. Med varslet krav om forsering av forskrift til nullutslipp for ferjer og hurtigbåter så er det også stor usikkerhet hvordan kompensasjonsordningene for nullutslipp vil slå ut. Vestland fylkeskommune har allerede en presset økonomi hvilket kan føre til at utsynsing av konkurransene må avlyses med de konsekvenser dette har for oppstart av nullutslippsløsninger for fergeledningen på Vestlandet. Elektrifisering av fergeledningen på Vestlandet vil være et stort økonomisk løft som fylkeskommunene ikke kan klare uten statlige bidrag. Det er lagt opp til støtteordninger med virkning fra 2027. Dette er alt for sent for de fergestrekningene som nå skal ut på anbud. En utsettelse vil medføre at klimamålene for 2030 ikke kan oppnås. Regjeringen må forsera tiltakspakken for 0-utslippsfergen nå dersom regjeringens egne klimamål skal oppnås.</p>	<p>"Forslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltakspakke for nullutslipp på fergeledrift og hurtigbåter må på plass i revidert statsbudsjett for 2024.</li> </ul>	Oversendes stortingsgruppen	Samferdselspolitikk
226	Arbeiderpartiet i Bergen		<p>Sikre bygging av Nordhordlandstunnelen</p> <p>Begrunnelse: Med nytt byråd må vi passe på at planene for Nordhordlandstunnelen ikke forsvinner fra Nasjonal Transportplan (NTP) igjen, til fordel for andre prosjekter. Tunnelen har glipt nær målstreken flere ganger, før bygging kan starte må prosjektet prioriteres i kommende NTP, som legges frem før påske.</p> <p>Nordhordlandstunnelen på Europavei 39 er mange år på overtid. I 40 år har lokalbefolkningen årlig aksjonert for trygg vei. Veistrekningen, med dårlig veistandard og under seks meter bredde, binder sammen store næringsområder til Bergen og Vestlandet. Sterk trafikk og tungtrafikk, med ca. 22.000 biler i døgnet, er mye mer enn veien er dimensjonert for, 15 personer har mistet livet på strekningen, og det skjer ofte småulykker. Nødetater bruker strekningen for å nå Nordhordland og Mongstad, og lokalbefolkning og pendlere fra nærliggende kommuner blir påvirket daglig.</p>	<p>"Forslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeiderpartiet i Bergen vil sikre at planene for Nordhordlandstunnelen beholder prioritet i Nasjonal Transportplan."</li> </ul>	Styret mener dette er i tråd med vedtatt politikk	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
227	Arbeiderpartiet i Bergen		<p>Styrke kollektivtilbuddet i Bergen Nord</p> <p>Begrunnelse: Åsane er en bydel med spredt bebyggelse og store avstander. Folk behøver derfor et sterkt kollektivtilbud om de skal bli mindre avhengige av bil. Veiene i Åsane, særlig mot nord, er overbelastet og utsatt for ulykker. Bedre kollektivtilbud, med flere bussavganger og hurtigbåt fra Steinestø til Bergen sentrum kan avlaste veinettet med trafikkredusjon og gi et løft i et ofte oversett område. Når bybanen til Åsane bygges kan et båttilbud bli viktig som følge av redusert veikapasitet, og det vil bli fordelaktig med gode nok busstilbud for å komme seg til traséen, da de færreste vil bo i gåavstand til banen. På Steinestø står et stort ubrukt og egnert område med både brukbar kai og plass til bil- og sykkelparkering. Hurtigbåten M/S ""Fjordkatt"" går allerede til Bergen fra Knarvik via Frekhaug. Det finnes allerede et vedtak i AiB om utvikling av kaien på Steinestø, som kan videreutvikles. Mye bebyggelse på Steinestø og Hordvik har gangavstand til kaien, og et generasjonsskifte i området gir mange barnefamilier med travle hverdager. Lokalbefolkingen ønsker et slikt tilbud (artikkel i Åsane Tidende 16.09.23). Hylkje, Breistein og Salhus kan også nyte godt av alternativ reisevei. Anløp til Steinestø kan også gi grunnlag for å styrke hurtigbåttilbuddet mot Nordhordland, med passasjergrunnlag for flere avganger.</p>	<p>"Forslag:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeiderpartiet i Bergen vil ha hurtigbåtanløp på Steinestø kai</li> <li>- Arbeiderpartiet i Bergen vil jobbe for hyppigere bussavganger i de ytre delene av Åsane"</li> </ul>	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
228	Austrheim Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Kollektivtransport, investerings og driftsstøtte frå staten	<p>Vestland fylkeskommune har dei siste åra teke fleire gode grep som har gjort det enklare og meir miljøvenleg for reisande å velja kollektivtransport. Her kan ein nemna bygging av Bybanen linje 1 og 2, satsinga på nullutsleppsferjer og nye takstsoner. I tillegg ser me også ein gledeleg auke i talet på kollektivreisande mellom Os og Bergen etter at nye E39 mellom Svegatjørn og Rådalen vart opna.</p> <p>Staten må følgja opp det gode arbeidet Vestland fylkeskommune har gjort innan kollektivområdet og forplikta seg til å ta ein stor del av finansieringa av bybana til Åsane. I tillegg må staten få på plass betre støtteordningar til fylkeskommunar som satsar på miljøvenlege kollektivtilbod. Dette gjeld både for buss, bane og miljøvenlege ferjer og hurtigbåtar.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere rep skap med NTP som tema	samferdselspolitikk
229	Austrheim Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Kollektivtransport, korrespondanse i distrikta	<p>Det er for dårlig kommunikasjon mellom dei ulike kollektivoperatørane når det av ulike grunner oppstår forseinkningar i kollektivtransporten. I distrikt med få buss- og ferjeruter, kan ikkje bussar og ferjer gå på rutetida dersom korresponderande buss eller ferje er forseinka. Vestland fylkeskommune må sikre at Skysse leverer eit meir fleksibelt og tenleg kollektivtilbod i distrikta enn dei gjer i dag. Operatørane må vera i dialog med kvarandre for å sikre dei reisande gode transportnester.</p>	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
230	Austrheim Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	To ferjer i Fensfjordsambandet	<p>På strekninga Leirvåg – Sløvåg bør det vere halvtimes avgangar på dagtid. Dette kan gjerast ved at dagens 110 bilars ferje, som har avgang kvar heile time, vert bytta ut med to mindre ferjer. Desse bør også kunna nyttast som reserveferjer i Fedje-sambandet.</p> <p>Næringsområda på begge sider av Fensfjorden er inne i ei rivande utvikling, noko som fører til ein stor auke i trafikken over fjorden på dagtid. For å støtta opp om denne næringsutviklinga, må samfunnet sikra eit betre og meir effektivt ferjetilbod på strekninga Leirvåg – Sløvåg. Oppstillingsplassane og parkeringsplassane på dei to ferjeleiene må også oppgraderast og utvidast. I dag er det ofte oppstillingsplassen på Leirvåg ferjekai full slik at bilane som skal med ferja må stå langs vegen. Dette fører til at bussar som skal korrespondere med ferja ikkje kjem seg ned til ferjekaien.</p> <p>I samband med oppgraderinga av Leirvåg ferjekai må det også byggjast ei rundkøyring i krysset mellom fylkesveg 57 og 565. Her er det ofte lange køar når ferja ligg ved kai i Leirvågen, noko som har ført til fleir stygge trafikkulukker dei siste åra.</p>	Oversendes fylkestingsgruppen	samferdselspolitikk
231	Austrheim Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Veg, E39 Klauvaneset - Vågsbotn i Bergen	<p>E39 mellom Klauvaneset og Vågsbotn må inn i første del av nasjonal transportplan. Vestland Arbeiderparti må gje denne vegstrekninga førsteprioritet i sitt innspel til den nye nasjonale transportplanen.</p> <p>Nullvisjonen vår for vegtrafikk seier at me ikkje skal ha ulukker med døde eller hardt skadde personar på vegane i Norge. Med den vegstandaren strekninga mellom Vågsbotn og Nordhordlandsbrua har, vil me aldri kunna nå måla i denne visjonen.</p> <p>Her er det svært høg trafikk og ein elendig vegstandard. Dette er truleg den dårligaste europavegen i landet sett i forhold til trafikkmengda. På strekninga er det 23 avkjørslar, i perioden fra Nordhordlandsbrua opna i 1994, og fram til årskiftet 2023 – 2024, har det vore 15 dødsulukker her. Vegen vart i si tid konstruert for å klara 5000 bilar i døgeret. Ved utgangen av 2023 har trafikkmengda auka til om lag 25000 bilar i døgeret. På delar av denne strekninga er vegbreidda mindre enn seks meter, noko som ikkje kan vera akseptabelt på ein sterkt trafikkert europaveg i 2024.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	samferdselspolitikk
232	Austrheim Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Nasjonal Transportplan, meir til vedlikehald og rassikring.	<p>Nasjonal Transportplan må prioritera meir vedlikehalds- og rassikringsmidlar til fylkesvegane. Vestland fylkeskommune har ein periode prioritert punktvist utbetring av fylkesvegane og denne strategien har vore ein stor suksess. Auka løyinga til slike prosjekt kan gje oss ei kraftig oppgradering av fylkesvegane til ein fornuftig pris. I tillegg må fylkeskommunen ta i bruk Valdresmodellen når fylkesvegar skal utbetra. Valdresmodellen gjorde at det kunne byggjast 45 kilometer ny europaveg frå Fagernes til Øylo i Valdres for berre 500 millionar kroner. Løysingar som punktutbetringar og bruk av Valdresmodellen vil gje oss fleire trygge og gode vegar innanfor akseptable kostnadsrammer. Gjenbruk av eksisterande veg var ein del av strategien i Valdresmodellen, noko som resulterte i ein kraftig reduksjon av nedbygging av naturen, altså ein god vinn – vinn situasjon i tråd med målet om vern av ein større del av norsk natur.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
233	Årdal Arbeiderparti		Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane er estimert av KS til å ha ein pris på 100 milliardar kroner. Me må no ta eit krafttak for å ta igjen etterslepet. Vestlandsvegane har store utfordringar med ras og generell vegstandard. Me må halde fast på O-visjonen.	Regjeringa må sette av meir midlar til rassikring av fylkesvegane og legge ein forpliktande plan for å ta att det store vedlikehaldsetterslepet	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	samferdselspolitikk
234	Årdal Arbeiderparti		E16 er hovudvegen mellom Oslo og Bergen. Den må prioriterast på topp. Oppgraderinga vil ta tid derfor bør ein starte opp med fleire parcellar samtidig, t.d Voss til Sogn med ny tunnel i Nærøydalen.	E16 Bergen-Sogn må prioriterast på topp i NTP	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	samferdselspolitikk
235	Austevoll Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	For austevollingar som skal til Bergen sentrum er hurtigbåt eit godt alternativ til bil. Det er også eit godt kollektiv tilbod som på sikt kan bli meir miljøvenleg når flåten blir meir miljøvenleg. Turen frå Austevoll tar litt over ein time og kostar 360 tur - retur pr voksen. Prisen har blitt noko redusert etter at ein har hatt fokus på dei store prisforskjellane på ulike båtrutestrekningsar , men det er framleis vesentleg dyrare å reise kollektivt med båt enn om ein reiser med bil og ferje. Eit godt tilbod med hurtigbåt med ein overkomeleg pris vil vere eit tilbod som kjem til nytte for mange. Det er pendlarar som reiser til eller frå Austevoll kvar dag. Nokre har arbeidsplassen i sentrum, og andre tar høgare utdanning på høgskular og universitet. Elevar som går på allmennfag vidaregåande kan pendle til og frå skule i sentrum dersom ruta blir tilpassa skulestart. Det vil også gjøre det meir attraktivt for folk å besøke det sentrum har å by på av kulturliv, handel og serveringsstader.	Innføre eit attraktivt kollektivtilbod på sjøen, med eit godt rutetilbod og med ein pris som gjer at ein tener på å velje kollektivt.	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
236	Austevoll Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Det er eit enormt stort behov for rassikring, utbetring av vegar og å få på plass gang og sykkelvegar i kommunar og fylke over heile landet. Vestlandet er spesielt utsett der vegstandaren i fylket mange stader er kritisk dårlig.</p> <p>Klimaendringane med meir intenst nedbør etc. fører med seg meir ras og flaum. Dagens innsats og samferdslebudsjetten er langt frå tilstrekkeleg for å sikra liv og helse i framtida.</p> <p>Det er behov for å tenkje nytt då noverande investeringsnivå ikkje er nok til å halda tritt med klimaendringane.</p> <p>Vi foreslår at det blir etablert eit infrastruktur fond som får pengar frå oljeinntektene, Oljefondet, ved at ein del av det som årleg blir tatt ut av oljefondet innanfor grensene til handlingsregelen, blir tilført fondet. Det betyr at i det i gode tider for landet kan bli overført midlar til infrastrukturfondet. (døme. Om det vert teke ut 2,8 % til statsbudsjettet eit år, kan 0,2% bli tilført eit infrastruktur fond.)</p> <p>Kommunar og fylke må kunna få tildelt midlar frå fondet etter ei regelstyrt ordning der tryggleik for liv og helse har første priorititet.</p>	Oppretta infrastrukturfond for utbetring av vegar, etablere gang- og sykkelvegar og til rassikring i kommune og fylke.	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk
237	Luster Arbeiderparti	Anna tema:	<p>Mange er uroa, både private og profesjonelle trafikkantar, og det må me ta på alvor. Det handlar om tryggleik og god infrastruktur for småbarnsforeldre, skuleelevar, bedrifter, utrykkingskøyretøy, turisttrafikk, pendlarar, transportbransjen, landbruket og industrien. Frå 1.mai til vinterstenging i november/desember er FV55 gjennom Luster eit viktig aust-vestsamband. I denne perioden har vegen opp til 250.000 køyreteg som skal manøvrera seg langs smale, ras-utsatte vegar utan gul midtstripe. Ein ser at det til stadigheit blir kollisjonar eller trafikkork fordi det ikkje er rom for å passere kvarandre.</p> <p>Det er gledeleg å sjå at det er planlagt å oppgradera 2,5 km av vegen frå Nes til Høyheimsvik, men det hastar med å kome i gang. Me har ikkje tid eller råd til å vente, den planlagde oppstarten må skje no!</p> <p>Luster Arbeidsparti meiner at oppgraderinga Nes-Høyheimsvik må setjast i gang snarast, samstundes som det må gjennomførast ei strekningvis opprustning med utbetring av flaskehalsar på resten av den to mil lange strekka inn til Skjolden.</p>	Fv.55 – start oppgradering no! Fylkesveg 55 mellom Gaupne og fylkesgrensa på Sognefjellet har eit skrikande behov for oppgradering. Minimum standard må vera at to lastebilar har plass til å passera kvarandre utan å risikera skade på folk eller bil. Arbeidet med strekninga på 2,5 km mellom Nes og Høyheimsvik som har fått planleggingsmidlar og låg i ØP må setjast i gang så fort som mogleg. Prioriteringa må stå fast og arbeidet må setjast i gang snarast!	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk
238	Bjørnafjorden Arbeidarparti	Anna tema:	<p>Det er ikkje akseptabelt at Bjørnafjorden kommune som ein av kommunane i Miljøløftet ikkje er omfatta av same sonestruktur som dei andre kommunane i samarbeidet. Vi har ei felles oppgåve i dette samarbeidet og det er å auka kollektivreisene og gang/sykkel for å få ned personbiltrafikken for å nå vårt felles mål om nullutslepp. At Bjørnafjorden kommune framleis er delt opp i to takstsone bidreg ikkje til å nå felles mål, og det opplevast som urettvis at ikkje heile kommunen vår er i same takstsone. Dei andre samanslattede kommunane rundt Bergen er innlemma i ei sone, Sone A, og det må også gjelda heile Bjørnafjorden kommune.</p>	Bjørnafjorden Arbeidarparti/Vestland Arbeidarparti ber om at heile Bjørnafjorden kommune vert samla i ei takstsone hos Skyss (Sone A).	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
239	Bjørnafjorden Arbeidarparti	Anna tema:	Regjeringa har teke store steg i reduksjon av ferjetakstar og sogar gjort fleire strekningar gratis. Dette arbeidet må fortsetje. Ferja er ein del av vegen. For Bjørnafjorden kommune vil det bety enormt mykje at ferja vert gratis slik at ein kan fortsetje å bygge den nye kommunen vår, og at alle innbyggjarane i kommunen skal kunne kome seg til tenestetilbod, handel, aktivitetar osv utan at ferjeprisar skal ekscludere aktivitet innad i eigen kommune.	Samferdsle: Vestland Arbeidarparti skal arbeida for at pris på ferje vert ytterlegare redusert og på sikt gratis.	Oversendes fylkestinsgruppen	samferdselspolitikk
240	Bjørnafjorden Arbeidarparti	Anna tema:	Noreg har gjennom nasjonale målsettingar og internasjonale avtalar forplikta oss til å kutta utslepp av farlige klimagassar og sikra ei berekraftig utvikling der ingen artar eller naturtyper skal gå tapt. Store deler av klimgassutta skal gjerast i transportsektoren og samferdsleutbyggingar må i åra som kjem ta støtte omsyn til jordvern, natur og miljø. Klimaendringane skapar auka fare for flaum og ras som må handterast med kostnadskrevjande tiltak som ein knapt har fullt oversyn over i dag. Motorvegprosjektet Hordfast må nedskalerast og ny indre trase må utgreiast. Bru over Bjørnafjorden og firefelts veg over Reksteren kan då endrast til ein to-felts veg som går frå Stord over Langenuen og på austsida av Tysnes mot gamle Fusa kommune (Bjørnafjorden aust) Ein slik trase vil kunne verte kopla til E-134, leia trafikk utanom Bergen og sikra direkte tilknytning til Ringveg øst, E-16 og jernbane. Ei slik løysing vil kunne nedskalerast til to-felts veg med midtdelar, noko som igjen vil kunne redusera dei store naturringrepene. Ei slik løysing vil gje kommunar og næringsliv både i Midthordaland, Sunnhordland, Hardanger og Bergen langt betre kommunikasjoner og korridorar aust-vest og nord-syd og dermed gje auka samfunnsnytte for langt fleire folk og samfunn.	Vestland Arbeidarparti vil stoppa arbeidet med bru over Bjørnafjorden (E-39 ↗ Hordfast midtre trase)	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere rep skap med NTP som tema	samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
241	Bjørnfjorden Arbeidarparti	Anna tema:	<p>Arbeidarpartiet set liv og helse først. Vegprosjekt der det er høy ulykkesfrekvens og stor rasfare skal prioriterast. Vedlikehald og ras- og tunnelsikring av fylkesvegane må aukast kraftig. Det same gjeld midlar til utbetring og vedlikehald av bruer. Oppgradering av smale fylkesvegar til standard med gul midstripe er viktig. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet i Vestland fylke. Samtidig er ei rekke nye vegprosjekt under planlegging. Sjølv om behovet er stort er det ikkje realistisk at vi vil få statleg finansiering til alle dei ønska vegprosjekta samtidig. Det vil derfor oppstå ei rekke situasjonar der dei ulike kommunestyra og fylkestinget må prioritere kva vegprosjekt som er viktigast for oss. Vestland Arbeidarparti meiner at omsynet til liv og helse må vega tyngst når ulike prosjekt vert vurdert mot kvarandre. For å auke samfunnssnytta til Hordfastprosjektet må indre trasé vurderast på nytt, slik selskapet Nye veier fleire gonger har teke til orde for. Heile indre trasé kan byggast både som 2-4-felts veg, i motsetning til den planlagde midtre trasé med bru over Bjørnfjorden. Indre trasé vil dessutan knyte indre og ytre delar av fylket saman, jfr. Hordalandsdiagonalen. Og såleis større grad bygga Vestland saman for langt fleire enn midtre trasé gjer.</p> <p>Ferjefri E39 vil gje ein samanhengande, trafiksikker veg på Vestlandet og legga eit solid grunnlag for framtidig verdiskaping. Dette føreset at det vert prioritert å sikra ei fungerande trafikkavvikling rundt Bergen, og ikkje minst eit løft for vegstandard og rassikring mellom fjordkryssingane. Dette vil gje langt fleire kommunar og næringsliv synergi av utviklinga.</p>	<p>Trygge vegar og auka samfunnssnytte for fleire er oppgåve nummer éin for samferdsle i Vestland. Liv og helse først, rassikring og prioritering av oppgraderte strekningar mellom fjordkrysningane.</p>	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
242	Etne Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	E 134 Bakka-Solheim gjennom deler av Etne og Vindafjord kommunar er framleis utan gul stripe, svingete, smal og med rasutsett strekning. Kommunedelplan Bakka-Solheim blei vedteken i 2015 og har vore i NTP prosessen fleire gonger . No må den prioriterast.	E 134 er framleis utan gul stripe og smal og svingete gjennom deler av Etne kommune. Dette er den viktigaste transportkorridoren mellom aust og vest sør for Hardangervidda. Kommunedelplan Bakka-Solheim må no realiserast og kome med i NTP slik at me raskt kan få ein sikker veg.	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
243	Vik Arbeiderparti	Anna tema:	Rv13 mellom Vik og Voss er landets mest stengte riksveg. Rett før regjeringskiftet, overførte Hareide fleire utbetrings-strekningar frå Statens vegvesen til Nye Veier AS. Ei av desse var riksveg 13 frå Skare til Sogndal, og strekninga Vinje – Sogndal inngår i denne strekninga. Her finn me også rv.13 Vikafjellet, som er høgast prioriterte vegtiltak i Sogn. Det er styret i Nye Veier AS som skal prioritere rekkefølgia på prosjekta dei har fått tildelt, mellom anna ut frå samfunnsøkonomisk nytte. I Nye Veier AS sitt oppdrag på utbetringsstrekningane, heiter det at dei skal prioritere investeringar som reduserer skredfare og gir vegen ein akseptabel minstestandard. Vegen frå Vik til Voss, med framtidig Vikafjellstunnel, er sentral for å sikra eit livskraftig lokalsamfunn i Vik og Sogneregionen. Og i tillegg ei sers viktig ferdselsåre for Vestland, mellom Sogn - Voss, Hardanger og Bergen, samt ein særsviktig omkjøringsveg for E16. I strekninga som er tildelt Nye Veier AS på riksveg 13, inngår kring 30 skredpunkt, med stadvis smal vegbreidde og vanskeleg framkome. Fleire av skredpunktene med høgast skredfaktor og vanskeleg framkome, vil bli avløyst med tunnel. Vikafjellstunnelen vil være avgjerande for forsvarleg beredskap for Vik Kommune. Stengt fjell og værstengte ferjer gir isolert kommune. Som me har skrive i innspelet, må det løvvast øyremerka midlar til tunnelen for å unngå upolitisk prioritering og verta kasteball mellom Nye vegar og Statens vegvesen.	Vik Arbeiderparti krev oppstart av Vikafjellstunnelen straks I samsvar med lovnader og vedtak frå Ap og Sp i handsaming av NTP våren 2021, krev Vik Arbeiderparti at Vikafjellstunnelen kjem inn som bunde prosjekt i NTP ved komande rullering, 2024. Stortinget må løvva naudsynte øyremerka planleggingsmidlar til prosjektet, slik at oppstart kjem i gang snarast, uansett om det er Nye vegar eller Statens vegvesen som skal byggja. Dette er svært viktig då me elles kan koma «mellom to stolar».	Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema	Samferdselspolitikk
244	Etne Arbeiderparti	Kvardagsutfordringar:	Fv 548 Skånevik- Håland i Etne kommune. Det er i RTP sett av midlar til å utbetre første del av strekninga Skånevik til Håland, Fv 548, med oppstart 2024. Resten av vegen er ein rasutsett og dårleg strekning som må bli utbetta fortløpende etter første del er ferdig.	Etne Arbeiderparti ber Vestland Arbeiderparti om å jobba for at resten av strekninga av Fv 548, Skånevik-Håland vert utbetta fortløpende etter ferdigstilling av Skånevik- Flesjo.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk
245	Vik Arbeiderparti	Anna tema:	FV5600 Vik – Arnafjord er ein av dei aller mest ras-utsette vegane på Vestlandet. Dette er ein veg, der ras-faren er stor heile året, uavhengig av ver tilhøve. Tal på registrerte ras-hendingar på vegen, er skremande høgt, pr 06.12.21: 343 ras-hendingar på ei strekning på ca. 6 Km . I tillegg, er dette ein veg der dei som ferdast dagleg, har rydda opp på veg til/frå jobb, altfor ofte utan at hendinga vert registrert. Det skjer næraast dagleg, store eller mindre hendingar der stein landar i / ved vegen. Det er årviss, at vegen vert stengt for kortare eller lengre periodar, på grunn av ras eller fare for ras. Dette påverkar innbyggjarane slik at dei ikkje veit sikkert om dei kjem seg til/frå/i jobb, at mijøkebilen / kraftfôrbilen kjem fram, at Firda Seafood får varer inn eller ut. Det har nyleg vore ei hending det skulebussen fekk ei skade på taket etter nedfall. Dette er den største frykta til innbyggjarane i Arnafjorden, at skulebussen vert råka av ras. Den farlegaste delen av vegen, ca. 6km, kan berre sikrast ved å bygge tunnel, andre deler av vegen må sikrast ved hjelp av andre tiltak.	Ras-sikringspotten må aukast. FV5600 Vik – Arnafjord, er ein av dei aller mest ras-utsette vegane på Vestlandet. Det er og andre strekningar på Vestlandet som sârt treng ras-sikring. Potten til ras-sikring må difor aukast monaleg. Dei verste strekningane må prioritera, for å sikre innbyggjarane trygg veg til kommunesenteret/jobb/helse og ikkje minst at borna får ein trygg skuleveg.	Oversendes fylkestinsgruppen	Samferdselspolitikk

Nr	Kommuneparti:	Tema tilpassa program prosessen:	Grunngjeving:	Forslag:	Innstilling frå styret:	Politisk tema:
246	Alver Arbeiderparti		<p>Nordhordlandstunnelen er avgjørende for å sikre god og trygg hverdag for de som bor langs veien. De bruker den som skolevei og de som bruker den som transportetappe. Vestland Arbeiderparti forventer at Stortinget prioriterer liv og helse først og tar Nordhordlandstunnelen inn i første periode i NTP.</p> <p>E39 Vågbont-Klaavaneset er en særlig trafikkfarlig vei. Å bygge Nordhordlandstunnelen vil øke trafikksikkerheten og redusere trafikken dramatisk forbi den store mengden trafikkfarlige kryss og avkjøringer.</p>	<p>Nordhordlandstunnelen</p> <p>Vestland Ap krever at Nordhordlandstunnelen blir tatt med i første periode av i Nasjonal Transport plan, med byggestart senest 2027.</p>	<p>Oversendes redaksjonskomiteen - Styret viser til årsmøte vedtak fra 2023. Etter at NTP blir lagt ut på høring skal styret arrangere repaskap med NTP som tema</p>	Samferdselspolitikk
